

Målmannen

Kvinna og kjærleiken

Av Lord Byron

Manns kjærleik er ei sak utom hans liv
for kvinner deira heile liv det er.
Sjå, mannen millom gard og stridstun driv
og kyrkje, båten, marknad, vinst, ein her.
Han skifter, so ei kappe, ære, kliv
mot heiders topp, det alt hans hjarta ber.
Menn desse hjelpekjelder har, vi berre ei:
Å elska att og knusast att av dei.

Å, kvinners kjærleik han er kjend, ei, ei!
So elskelegt og færefullt eit slag.
På dette terningskastet vågar dei
sitt alt, og tapar dei, står dei den dag
i minnet att der einast spotten sveid,
og livet har for dei eit tomleiks drag
Ein hemn som tigerspranget, dødlegt, snar,
Tortur radt, kjenner dei er deira svar.

Ei kvinne elsker elsker'n fyrste gong,
ho elsker elsken kvar gong etterpå,
som blir ein vane som ein livsens song
og som ein hanske lett han høver då,
som du vil finne om du kjenner trong.
Åleine fyrst ein mann let hjarta slå,
så vil ho heller som ei mengd han ha
Og finner tillegget rett skapleg bra.

So underleg ein mann er! Og ei kvinne
eit større under! For ein kvervelvind
til hovud! Og for malstraum djup å finne,
fårleg hennar heile kropp og sinn.
Om gift, om enke, møy ell' mor, den linne
hugen skifter som ein vinden finn.
Det hugens ljøs er, alt ho seier, gjer,
den eldste ting og endå nytt i verd.

Umsett av Hallvard Tveiten og prenta i diktsamlingi Eldskrift frå Norronalaget Bragr, 1977.

Frå Sædalen/Nattland mot Nesttun, Bergen. Foto: Olav Torheim.

Nynorske frontavsnitt i dag

Den vidaregåande skulen er inne i andre året av det sokalla kunnskapslyftet. Det er ikkje alt som hev kome like dårlegt ut for nynorsken i so måte. Det er likt til at me stend att med ei styrking av nynorskundervisning i fyrste klasse, men eksamen etter tridjeklasse er so langt teke burt. Dette er eit ålvorlegt atterslag. Hundre år etter at sidemålsstilen til artium kom inn ser han ut til å kunna kverva i 2009. Me vonar at siste ord i denne saki ikkje er sagt. Elles ottast me kva Språkrådet vil gjera med nynorsken og korleis det gjeng med nynorske lærebøker i framtid.

I dette nummeret:

Christen Krogvig:	Vitugskapen skal vera vår styrke	s. 2
Olav Torheim:	Minoritetsspråk og minoritetsperspektiv	s. 2
Olav Torheim:	Nytt normeringsordskifte på trappene	s. 3
Thoralf Bergwitz:	Berit og Þormod på Þveit - År 1323	s. 4
Lars Bjarne Marøy:	Kongsvingers vantande intensitet	s. 5
Lars Bjarne Marøy:	Løvenskiold ein mann av si tid	s. 6
Thoralf Bergwitz:	“Moderne norsk”	s. 7
Lars-Toralf Storstrand:	Nækt av Max Weber	s. 9
Lars Bjarne Marøy:	Drotningholm - eit makalaust ferdasyn	s. 10
Thoralf Bergwitz:	Severin Løvenskiold - var ikkje ein landssvikar	s. 11
Kenneth Kiplesund:	Ho Margit Hjukse	s. 16

Vitugskapen skal vera vår styrke

Av Christen Krogvig

Bladmannen (journalisten) og forfattarinna Oriana Fallaci, som døydd 15. september 2006, skreiv ei rad bøker. Den siste ho rakk å gjeva ut (um ein ser burt frå ein revidert versjon av ei eldre bok som kom ut aller sist) var Vitugskapens styrke (titel på bokmål "Fornuftens styrke"). Etter det ho sjølv fortalde laut ho for å få gjeve ut denne boki velja burt medisinar mot kreft som hadde gjort livet hennar lengre.

Boki er merkt av det intense engasjementet forfattere hadde i høve til kampen mot islamiseringi av Europa. Eller "Eurabia" som ho meiner vert det rette namnet på kontinentet vårt. Og ordet Eurabia er i stor mun samlande for innhaldet i boki. Ordet var opphavleg titelen på eit nyhendebrev som vart utgjeve av ei gruppa organisasjonar som skulde handheva eit sett av avtalor millom Det europeiske hopehavet (som no heiter EU) og Den arabiske liga. Arabarstatane stengde oljekranane under Yom-Kippur-krigen i 1973. For å opna dei upp att sette dei fram, og fekk gjennomslag for, ei rad hårreisande krav, som at det skulde leggjast til rettes for auka arabisk innvandring til Europa (Fallaci kallar det kolonisering) og at europearane skulde gjeva studnad til kampen mot Israel. Arabiske innvandrarar skulde få like rettar som dei europeiske statsborgarane, og Europa skulde opnast for islam (Men arabarverdi skulde *ikkje* opnast for kristendomen). Europeisk pressa skulde hylla denne koloniseringi og prisa "det arabiske tilskotet til europeisk utvikling". Og so skulde arabarlandi taka på seg å kaupa store

mengder europeiske våpen (som dei kunne bruke mot Israel).

Fallaci var ikkje den fyrste til å skriva um desse avtalone. Det var den israelske historikaren Bat Ye'or som gav ut ei bok um temaet med titelen Eurabia i 2002. Skal ein tru Fallaci er nett desse avtalone innanfor råma at dette som vert kalla Den euroarabiske dialogen, og som danar bakgrunnen for arabarane si kolonisering og islamisering av Europa. For det er det heile boki dreiar seg um.

Etter terroråtaki 11. september 2001 gav Fallaci ut boki "Sinnnet og byrgskapen". Medan "Sinnnet og byrgskapen" framstod som et 170-siders raseriutbrot, er "Vitugskapens styrke" full av grundige analysar av fylgjone og grunnane til den tilskievingi Europa no er inne i. Og Fallaci ottast at tildrivet mot islamsk kolonisering av Europa ikkje lenger kann stogkast.

Fallaci skildrar korleis innvandringsmottandarane vert bringa til tystnad utan vald, korleis soga er vorti skrivi um slik at muslimane sine tallause åtak på kontinentet hev vorte gløymde, og korleis ho sjølv er vorti tiltala berre for å ytra seg um desse spursmåli.

Slik Fallaci ser det, hev Europa berre gjeve etter og gjeve etter. Europearane hev ikkje lenger nokon byrgskap yver seg sjølve, og det kann til sjuande og sist enda med undergangen for Europa der svært mykje av det me til vanlegt umtalar som menneskeleg sivilisasjon hev sitt opphav. For folk som hev lese noko av den med kvart so utfemmande litteraturen um den arabisk-islamske imperialismen, er mange av

tankane vel kjende. Men mange av innfallssvinklingane og jamføringane er nye. Forfattere imponerar med kor djupt ho hev grave i kjeldetilfanget. Ho demonstrerar at ho hev lese mykje um dei historiske åtaki på Europa. Og kor lite dei som styrer oss veit og kor lite dei skynar av islam.

Anekdotane er nye for meg, og mange av dei er sers gode illustrasjonar. Den kjende filosofen gav til dømes ut boki "Evig fred", der han hævda at alle krigane skreiv seg frå monarkia og ikkje noko anna. Året var 1795. Blodet flaut som fylgja av Den franske revolusjonen. Og snart skulde borgaren Napoleon skapa det verste blodbadet i europeisk historie til då. Påstandi som vart sette fram i 1795 um at krigane berre skreiv seg frå monarkia er like absurde som påstandi som vart sette fram etter 2001 um at islam er ein fredeleg religion. Men bae utsegnene hev vorte framførde. Av folk med klokare hovud enn mitt.

Då boki kom ut i Noreg, valde kritikarane å laga uppslag um at forfattere umtala eigi bok som "sylkvasse analyse" på bokomslaget. Men sjølvskryt lyt ein lyda til, for det kjem frå hjarta. Fallaci, som vidareførde motstandskampen mot Mussolini, som ho var med i då ho var tenåring, tok ikkje munnen for full. Analysane er sylkvasse. Dei som ikkje las boka då ho kom ut i 2003, bør lese henne no. Problemstillingane vert diverre berre meir og meir aktuelle.

"Fornuftens styrke" vart utgjevi på bokmål av Gyldendal i 2003, med 277 sider. Boki kann kaupast på Høyers bokhandel på nettet.

Minoritetsspråk og minoritetsperspektiv

Av Olav Torheim

På heimesidone at Høgskulen i Volda kann me lesa at tvo høgskulelektorar hev arbeidd med ein eigen nynorskgrammatikk for "minoritetsspråklege" (hivolda.no 19.06.2007). Um ein ikkje visste betre, kunde ein tru at det her var samar, kvener og sigøyningar som endeleg skulde få sin eigen nynorskgrammatikk. Frå teksti gjeng det likevel fram at det er innvandrarar og utlendingar grammatikken fyrst og fremst er rett mot, som når det i fyreordet heiter at grammatikken "*vender seg særleg til ungdommar og vaksne minoritetsspråklege med ein viss skulebakgrunn frå heimlandet*". Og med "heimlandet" er det neppe Noreg som er meint.

Nynorskupplæring for utlendingar og innvandrarar hev lange vore etterlyst av oss attum Målmannen. Dei siste tiåri hev det kome mange innvandrarar til kommunar der nynorsk er skulemål og administrasjonsmål og der nynorskne dialektar dominerar. Likevel fær vaksne innvandrarar i desse kommunane som oftast ikkje tilbod um opplæring i nynorsk.

At det kjem ein nynorsk grammatikk for framandspråklege er soleides på høg tid, men etter titelen på grammatikken å døma er det kanskje ikkje lenger politisk korrekt å umtala utlendske mål som framandspråk i Noreg? Like fullt so hev eg framleis til gode å høyra språk som polsk eller nederlandsk verta umtala som minoritetsspråk i Noreg. Og det jamvel um sistnemnde faktisk er at å verta ein munalegt stor "minoritet" i tidlegare fråflyttingstruga bygder langs vestlandskysten. Er det heilt spesielle innvandrargrupper forfattere siktar seg inn mot, og kva gjer i so fall desse til "minoritetar" meir enn andre? Og er det endå eit "minoritetsperspektiv" på målstoda i Noreg som nynorsken treng no?

Kor som er: Med den bokmålstilnæringspolitikken som er vorten førd her i landet, og med tilhøyrande språkleg vanrøkt milom organiserte målfolk, hev ikkje berre utlendingar og innvandrarar, men ein heil generasjon av norske ungdommar, vakse upp utan å

få eit medvite eller reflektert tilhøve til den nynorsk skriftkulturen - for ikkje å snakka um den nynorske song- og salmeskatten som tidlegare ættleder henta so mange av dei ålmennkulturelle referansane sine frå. Tidlegare i år synte ei etterrøking i Førde at nynorskelevar faktisk uppliver bokmålet som meir "naturleg" å nytta enn nynorsken - og det midt i det ein trudde var nynorsk kjerneland.

Det er difor ikkje berre innvandrarar og utlendingar som kunne trenga nye grunnbøker i nynorsk - læreverk der dei lærer seg nynorsk frå grunnen av som eit vanlegt normalt språk - og ikkje som noko som skal koma heilt av seg sjølv med utgangspunkt i eigen utvatna dialekt. Dei tvo høgskulelektorene i Volda skal ha takk for at dei hev teke initiativet, men det vøre fint um dei kunde kalla ein spade for ein spade når dei fyrst skal gå inn i problematikken. Då kunde kanskje resultatati koma dei "majoritetsspråklege" til gode med. Her tenkjer eg ikkje minst på sidemålsundervisningi.

Nytt normeringsordskifte på trappene

Av Olav Torheim

Språkrådet planlegg no ei ny normering av nynorsken. På styremøtet 13. september skal Språkrådet taka stoda til ein sluttrevisjon av nynorsk som målform. – Målet er å få stabilisert nynorsk som målform, slik bokmål er i dag, fortel direktør Sylfest Lomheim til Nationen 24.08.2007.

Nokor saksfyrehaving hev enno ikkje teke til, fortel Nationen, men Lomheim medgjev at valfridom og spursmålet um ein skal oppheva skiljet millom hovudform og sideform skal takast opp til dryfting. Og um det vert fleirtal for å kvitta seg med sideformene, ligg det millom linone at "lite brukte former" (les: konservative former som i dag er nedstøytte i klammor) helst skal takast heilt ut or rettskrivingi. Det var i alle fall tydelegt nok sist gong ei sovori oppheving var aktuell politikk: Då Språkrådet i mai 2002 for fyrste gongen gjorde intensjonsvedtak um å fjerna systemet med hovudformer og sideformer, lagde dei på same møtet fram eit fyrebilsframlegg til ny rettskriving der ei rad tradisjonelle nynorskformer vart strokne frå rettskrivingi. Språkrådet gjekk seinare burt frå vedtaket, men skal me tru Lomheim er det likt til at saki kjem upp att no.

Noreg Mållag hev merkt seg utspelet frå Lomheim, og i ei pressemelding som symptomatisk nok er formulert med dei mest bokmålsnære formene som er tilgjengelege innanfor læreboknormalen, e-infinativ inkludert, heiter det millom anna at:

"Hege Myklebust, leiar i Noregs Mållag, er overraska over at mållaget ikkje er teke med på råd. Normering skal vera emne på haustseminaret 12. - 14. oktober.

- Uansett meiner Mållaget at ein må sjå framover, og finne ut kva om er det beste grunnlaget for at det nynorske språket framleis kan blomstre om 100 år. Reint personleg meiner eg ein bør kutte klammeformene, og at det vil vere til språkets fordel med ein strammare målnorm, med tanke på skuleelevar..." (nm.no 24.08.2007)

For det fyrste so skynar me ikkje kva det er Mållaget vil verta tekne med på råd for når dei ikkje hev anna råd å koma med enn at ein "må sjå framover, og finne ut kva om er det beste grunnlaget for at det nynorske språket framleis kan blomstre om 100 år". Kven er det som ikkje vil det?

Og for det andre, når det gjeld dei "personlege meiningane" um at nynorsknormalen må verta strammare, utan vidare konkretisering av kva slags former som skal skjerast burt, so legg Myklebust i praksis vegen open for at

Språkrådet kann flytja nynorsken endå eit stig nærare bokmålet. Og diverre er ikkje Myklebust sine personlege meiningar meir personlege enn at dei jamt og samt målber hovudlina åt Mållaget sidan Hoel-fraksjonen kom til makt i 1999: Normering i Noregs Mållag handlar fyrst og fremst um å få til eit dvaskt kompromiss som kann leggja saki daud.

Det Mållaget burde ha gjort, um dei vilde vera litt offensive, var å gå for same vedtaket som Språkrådet gjorde med bokmålet i 2001: Alle tradisjonelle sideformer som hadde yverlivt samnorskpolitikken burde få sleppa til att i læreboknormalen, medan tilnæringsformer som ikkje hadde slege gjennom vart strokne. Eit sovore framlegg vøre ikkje det minste kontroversielt, men tvert um berre ein praktisk konsekvens av at samnorsktidi er umme.

Ei onnor sak er at det skal meir enn eit vedtak i Språkrådet til for å rydja upp i det normeringskaoset som alt er skapt. Bokmålsveldet i kvardagen, fråværet av eit nynorskt normaltalemål og ei usystematisk rettskriving full av valfridom hev dei seintse 60 år skapt ein språksituasjon der det hev vorte kvar mann, sin nynorsk, og der folk blandar lovlege og ulovlege bokmålsformer um einannan. Skal ein få rudd upp i dette kaoset treng me å atterreisa ein nynorsknormal med klårt ideal og identitet. Det gjer ein ikkje med den framgangsmåten Språkrådet tidlegare hev nytta, som då dei i anbeittelse-saki for ti år sidan sat i møte og røysta yver kvart einskildord som skulde sleppast inn i nynorsken (sumtid var fagnemndformannen si dubbelrøyst som avgjorde um det og det bokmålsordet skulde inn i ordlistone eller ikkje). Slikt dilletanteri gjer ikkje språksituasjonen noko betre, men fører tvert um til at nynorskbrukarane vert sitjande att med ordlista for å slå upp på kva slags ord dei kann nytta og ikkje nytta - kann henda den viktugaste årsaki til at so mange nynorskbrukarar gjev upp og byter til bokmål.

I realiteten er det ein illusjon å tru at Språkrådet skal vera i stand til å skapa ein stram og stabil nynorsknormal ut or den kaotiske språkstoda som rår i dag. Det er ingen grunn til å tru at hovudstraumen av nynorskbrukarar yver natti skulde byrja nytta "den nye nynorsken" som Språkrådet eventuelt skulde ganga inn for i år (og som dei kann henda vil revidera endå ein gong næste år). Tvert imot. Dei skuleelevane som skriv nynorsk i dag kjem til å halda fram med å skriva den nynorsken dei hev set i bøker og blad, avisor og fjerrsjå, og ingen må tru at

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

motivasjonen deira for å skriva nynorsk kjem til å verta større um norsklærarane med Språkrådet i ryggen skal møta desse med endå fleire raudpennar og skjennepreikar - serskilt ikkje um grunnen er at dei hev lese nynorsk litteratur som vart skriven fyre 2007 og soleis tileigna seg det dei trudde var god og korrekt nynorsk, men som no hev falle i unåde hjå språkrådsdirektøren.

Ved det store målbrigdet i 1938 fanst det i minsto ein viss entusiasme millom samnorskvenar for den nye rettskrivingi, og det stod forfattarar, forlag og redaksjonar reiduge til å produsera litteratur på den nye rettskrivingi (som like fullt vart ein lagnadstung fiasko for nynorskfolket sin part). I dag er det ingen som er so "samnorskspåkleg medvitne" at dei stend reiduge til å leggja um rettskrivingi si etter siste innfall frå Språkrådet.

Einskap i rettskriving vilde vera ein styrke for nynorsken, men denne einskapen må koma etter ordsifte, ikkje etter formelt diktat. Det som må til i dag er ikkje ei mekanisk styrd innstraming, men snarare ei liberalisering av språksituasjonen - der forfattarar, skribentar og andre som er flinke til å nytta språket fær fridom til å arbeida fram ein ny skriftspraksis som kann vara lenge i landet. Ei slik utvikling bør Språkrådet og Mållaget vera med og leggja til rettes for, for styra henne kann dei ikkje.

Berit og Þormod på Þveit - År 1323

Av Thoralf Bergwitz

Mor - i dag samlast mange gjæve menn i Aslo! Dagjen var den tri og tjugende februar i året trettan hundrad og tri og tju - og det var Þormod - ein stor og sterk dreng på trettan vetrar - som hjelpste mor si - Berit - og tenarfolket med snjórydding ute på tunet - som ropa dette. Berit stod og lydde til ordi frå sónen sin. Elde tyktest ha merkt henne tidlegt. Eit stort hövudplagg gøymde det ramnsvarte håret hennar og noko av panna. Men augo lynte då ho svara: Þormod! Ditt og mitt arbeid er på Þveit, og her skal òg tankjen vera, ikkje hjå dei store i kaupstad og i bõrg. Den faste og noko beiske tónen gjorde Þormod forøven og tagal.

Berit tok seg i at ho hadde svara sonen sin so tverrt. "Her skal òg tankjen vera", hadde ho sagt, men sjølv kunde ho ikkje frigjera seg frå tankane um det som ei gong var.

Tankjen på den svikeyfulle Hafþor, fekk ho ikkje rive seg laus frå. Eller var det kongjen sjølv ho skulde klandre fyr den uheppa som ho var komi ut i - og som ho laut bera? Lat vera hót det vera við - elskhugsvikar eller kongehus - dei vedkjem ikkje meg!

Men tankane hadde biti seg fast i henne. Ho visste at møtet i dag, det var ovviktugt - eller jamvel lagnadstungt - fyr Ingebjørg - litlestyri åt Agnes kongsdottir. Og fyrr ho visste ordet av det sat ho og sette ord på tankane sine. Þormod lydde árvakjen til talen frå mori endå um ho tala meir til seg sjølv enn til sonen sin:

Eg minnest denne småvækja som sprang ikring i borgi. Seks vetrar var møyi då eg kom dit. Villstyren og sjølvrådug var ho det litle grynet. Ikkje ein gong kongjen sjølv rådde med denne viljesterke småvækja. Eit verdfullt klenodium var ho òg - for ho var det einaste barnet kongjen fekk - som var født innanfor ekteskap. Alt som eittåring vart ho - av foreldri - trulova med den svenske hertug og kongeson Erik Magnusson. Dette trudde nok kong Hákon skulde gjera hønom sjølv noko megtigare enn han var. Ein vérsón med stor magt i grannelandet var ikkje å vanakta - ikkje minst når han òg var ein nær ættling til kongetrúna.

Berit elleve vetrar gamal vart Ingebjørg Hákonsdottir ektevigd til den svenske hertug Erik av Södermanland. Og femtan vetrar gamal fødte ho ein sún som fekk namnet Magnus - som seg hør og bør - eftir færfaren Magnus Ladulås - som var avliden alt i 1290.

Gleda var visseleg stor fyr både den unge mori og den byrge færen. Heller ikkje morfar Hákon tykte nok det var so gali med ein dotterson. Han kunde elles gleda seg ved at brordotteri hans - som òg heitte Ingebjørg - fødte ein sún på den sama dagjen som hans eigi dotter fødte sin sún. Ho hadde vorti gift på den same dagjen som hans eigi dotter vart gift. Ingebjørg Eiriksdoottir var gift med Valdemar Magnusson som var bror åt hans eigin vérsón, hertug Erik Magnusson.

Dette var sterkt.

At desse svenske hertugane var meir upptekne av å vinna eigi magt enn å styrkja magti åt den norske kongjen - vérfaren, det hadde nok ikkje Hákon den femte Magnusson rekna med. Æregiren og magtgiren var tydeleg mykje sterkare hjå desse svenske kongesonine enn til venskapsbandet til vérfar og vélgerar.

Heller ikkje tyktest blodsbandet eller brorskapsbandet vera serskilt sterkt hjå denne ætti - like lite som det hadde vore hjå disse kongar eller kongesonir i Noreg frå eldre tidir. Um desse svenske kongesonine hadde Eirik Blodøks som fyridøme, skal vera usagt. Det er like truleg at dei hev denne magtgiren frå si eigi ætt og frå deira eigen far - Magnus Ladulås. Denne Magnus Ladulås greidde - ved sine manipulasjonar og lurendreierier - å taka magti frå bror sin, Valdemar. Men dette gjorde han fyrst etter at far deira var avliden. So lengje den mektige far åt desse brørne - Birger Jarl - livde, var det i røyndi han (faren) som styrde landet i namnet åt sonen Valdemar.

Det var i året 1250 at Birger Jarl - som formyndar fyr sonen sin - Valdemar - tok yver styringi av Sveariket etter den siste ættling etter Erik "den Heilage". Tilnamnet "den heilage" fekk han av di han tvinga folket som han tok styring yver til å taka ved kristendomen. Um Erik den heilage hadde teki lærdom av våre "kristningskongar" - Olav Trygvason og "helgenkongjen" Olav Haraldson, det er ikkje klårlagt, men segni fortel um tvangsdøyping av det finske folket under hardstyret åt denne svenske krigskongjen som tok til med "krosstoget" sitt i 1150-ári.

Þormod lydde ovundren til all den historiske kunnskap som mor hans la fyr dagjen. Men han våga seg likevel til med eit spursmål som hadde legi på tunga ei stund medan ho fortølte:

Korleis veit du alt detta, mor?



Berit var ikkje budd på spursmålet, so ho laut tenkja seg um fyri ho svara.

Eg er vel ikkje so kunnskapsrik som eg sjølv kunde ynskja, men far min - morfaren din - som du er uppkalla etter - var som du veit, sers upptekjen av si eigi ætt. Du hev sett den lange ætt-lista som heng på veggjen der. Ho peika på veggjen der pergamentet med namnelista hòng.

Dei var no komne inn i støva og maten var komen på bordet. Det gjekk liksom av seg sjølv medan ho fortølte.

Det var ikkje berre sitt eige stamtre han brydde seg um å kunna. Han var - som du nok vil skyna - sers upptekjen av ætti åt dei som styrde landet - i Sveariket so vèl som i Noreg, i Danmark, i Finland og endåtil i England. Ja, han var jamvel noko kunnig i saga um romarfolket, um keltarane, um gallarane, og han hadde òg høyrte litt um det gâtefulle folket som vart kalla etruskarane, for ikkje å tala um helenarane - der det vert sagt at hjå deim stod vogga åt demokratiet - og det endå helenarane var kjende for å vera reine mannasjåvinistar - medan hjå etruskarane var kvinna jambyrdig med mannen, dersom me skal tru på segnine um desse folki.

Det fall seg difor slik at denne kunnskapen, den delte far min med seg til det einaste avkomet sitt. Eg hev soleis - på ei vis - livt meg inn i konge-sogune i Norden og ymse annan kunnskap so å segja frå barnsbein av. Og kann hende eg merkte meg serskilt denne Birger Jarl- av di sonen hans - Magnus - han som fekk tilnamnet Ladulås

Høgnorsk

Målet som ikkje vil døy:

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>

- han døydde nett det året som eg sjølv vart fødd - i året 1290 - som du veit. Eg kjem i hug at far min tyktest få eit underlegt drag yver seg som eg tykte uttrykte meir glede enn sorg når han tala um dødsdagen åt denne brorsvikaren - som far min kalla honom.

Men mor, braut Þormod inn. Eg er no heile trettan år vorten, kvi hev du ikkje fortølt noko av dette til meg fyrr?

Berit kjende med eitt ein snev av skuld-kjensle. Kann hende hadde ho ikkje teki ålvorleg nok den skyldnaden ho hadde som mor og oppfostrar? Ho kom i hug at sonen hennar ingjen far hadde havt til å fortelje saga um land og folk. Hadde den tragiske hendingi med svikjet åt elskaren hennar, og skåmmi som ho einsam laut bera med det farlause barnet, fengje henne til å trengja undan den skyldnaden som ho hadde til å gjeva sonen sin den kunnskapen som ein ættling av den kunnskapsrike far hennar elles vilde ha fengje?

Høgt sa ho:

Þormod, det skal du ein dag få svar på, men no er eg umsider komi i gang med det. Lat meg difor få halde fram ei stund til med det same.

Þormod var ikkje ute etter å setje mor si under forhøyr eller å leggje skuld-kjensle på henne - han var difor berre glad yver svaret han fekk.

Berit taug litt fyrr ho tok til att med å fortelje. Denne talen som slett ikkje var

planlagd og fyrebudd - han kom berre brått igang av utbrøtet frå Þormod um det umtalte møtet på Akersborg. Tankane tok berre til å sviva, og dei longe dulde sogune som ho ikkje kom ihug at ho havde lagra i minnet sitt, dei nær sagt spruta ut no då Þormod viste slik ihuge eftir å få høyre. Ho kjende det var godt å få lov til å fortelje sonen sin um det miljøet som ho so nær var førd inn i med livet sitt - og som Þormod òg skulde vorti med i. Ho stogga eit bæl - og drøymde litt um det livet som ho so tarvelegt vart snytt for.

Snytt for? Kann hende det var noko ho vart spard for? Kva slags menneskje var denne "trugne" tenaren åt kongjen? Var han eit menneskje som det var verd å dele livet sitt med? Var han ein notorisk svikar - eller var han ein trugjen tenar fyr kongje og fedreland? Kann hende ho fær vita litt um det ein dag? Kven veit?

Berit hadde til no livt eit rolegt - og nærast eit avsundra liv på ætt-garden Þveit. Ho havde - på ei vis - stengt seg sjølv ute frå umverdi - og hadde soleis ikkje nokon kjennskap til livet åt den sveikefulle elskaren sin. Ho tykte det var best soleis både av umsyn til sin eigen sjælefred og av umsyn til Þormod, sonen. Arbeidet på garden hadde òg teki mykje av tidi hennar - endå um ho havde tenarhjelp - serskilt i ònnine.

Þormod sit og undrast på kva meir skal koma um ættfedrane åt litesysteri - prinsessa på Akersborg - på eventyrborgi.

Kongsvingers vantande intensitet

Av Lars Bjarne Marøy

Når ein er i Bergen, er det som regel entusiasmen som må bremsast. I Kongsvinger kann ein aldri få nok entusiasme. No hev det skjett endå ein gong. Det hev vore eit kulturarrangement i Kongsvinger. Det hender so sjeldsynt at dei fleste reiser til Oslo for å uppliva noko kor som er. Dette er berre ei kjenslgjerning. Men segjer ein noko slikt på småe stader, risikerar ein å få høyra elegiar som er myrkare og meir innbitne enn dei ein høyrer på ei tilskiping i Noregs Mållag.

Vel, vel - kva er poenget? Jau, etter ei slik tilskiping er det alltid einkvan bladfiken som hev vore ute og uppdaga noko. For det fyrste vert folk som regel utskjelde av di dei ikkje var til stades på tilskipingi. Utsegner som "Skam dykk alle de i Kongsvinger" segjer vel det meste. Eller so hev einkvan forståseg-påaren funne ut at det er noko som vantar. No sist var det uråd å få seg mat på natti. Ein måtte greida seg med øl. Ja, etter

midnatt er det faktisk so godt som uråd å få seg mat jamvel i dei største byane i Skandinavia. Eg hev freista. Dei fleste stadene er stengde. Jamvel på nattope i Bergen var det vanskeleg å få seg mat etter klokka 24.00.

Vel, vel - tenk um dei i Kongsvinger hadde vore som i Bergen. Då vilde yverskriftene eller utsegner vore: Berre 16 000 hadde høve til å koma på Brannkamp i går. Men dei koste seg storleg. Ølsalet gjekk strykande. Handelsstanden vurderar pylsebud etter midnatt til neste år.

Ja, ja - eg ventar meg ikkje at dette kjem til å skje. Eg trur nok mentaliteten er for trå millom folk i Kongsvinger. Det er til dømes lite truleg at dette innlegget kjem til å skapa serleg mykje merksemd i Kongsvinger. Men hadde eg kome med tilsvarande kritikk av Bergen, vilde vel innleggi ha hagla inn.

Normaltalemål

Målmannen hev fenge brev frå ein sentral målmann. Han hev fylgjande respons til leidarartikkelen "Normalisert nynorsk må verta eit naturleg val" som stod på prent i fyrre utgåva:

Du har skrive ein fantastisk god artikkel i siste nummer av Målmannen. Det er ein analyse som fortel presist kva som er røyndomen når det gjeld stoda for nynorsken i dag. Han er verkeleg truga, og kan berre bergast ved å satse på ein stram normal, og på at mange freistar vera førebilete i skrift og tale.

Dialekt-lina har vore sjølv-mord-slina for nynorsken. Det har vore opplegg til at det ikkje skal finnast nokon som kan vera førebilete. No må Noregs Mållag vakna.

Under hundreårsfeiringa av Stord Mållag sa Ola Breivega at om det vart 50 000 nynorsk-talande, ville nynorsken koma til å leva og veksa. Dette har ein ikkje villa høyra på.

Du skal beda om å få denne artikkelen inn i mållags-avisa Norsk Tidende. [...] Dei vil nok kvia seg for å taka innlegget ditt inn i Norsk Tidende. Men det fortel noko om dei, noko som kan utnyttast mot den lina dei står for. Dei stikk hovudet i sanden, og fær seg sjølv til å tru at nynorsken ikkje er alvorleg truga.

Bladstyraren hev fylgt oppmodingi frå Hegna og sendt artikkelen til Norsk Tidend v/ redaktør Hege Lothe. Lothe hev framleides til gode å lata høyra frå seg...

Dvergemalet

Løvenskiold ein mann av si tid

Av Lars Bjarne Marøy

26. mai i år gjekk redaktør Ove Mellingen ut på leidarplass med eit krasst åtak på den gamle eidsvollsmannen Severin Løvenskiold. Både Lars Bjarne Marøy og Thoralf Bergwitz (sjå s. 11) hev skrive svarinnlegg um saki (red.).

Det er med undring at eg hev vorte kjend med eit bladstykke av Ove Mellingen i Telemarks Arbeiderblad 26. mai 2007. Titelen lyder "Helt eller simpel landsforråder". Det er i og for seg positivt at ei avis interesserar seg for historiske personar, men i dette høvet må ein lura på kor uetterretteleg det er mogleg å vera.

Grunnsynet til Mellingen er at Severin Løvenskiold kunde ha hindra heile grunnlaget for det som skjedde 17. mai 1814. Dette held Mellingen uttrykkeleg fast på, men utan at han kann dokumentera det. Det som er realiteten er at dei utanrikspolitiske tilhøvi i Europa lagde grunnlaget for at det kunde verta noko 17. mai. Ikkje ein gong Severin Løvenskiold kunde gjera noko med det og helder ikkje med Kristian Fredrik si innkalling til grunnlovgevande forsamling på Eidsvoll.

Løvenskiold vart peika ut som sendemann til Eidsvoll av dei fremste mennene i kyrkjelyden i Gjerpen. Utpeikingsmåten var instruert av Kristian Fredrik, statthaldar og tronpretendent. I svarbrevet frå kyrkjelyden er det tydeleg nok at kjenslone for Noreg er sterke. Det kann visseleg segjast mykje um kven som var møteplågarar på Eidsvoll, men ein ting er visst: I ei av dei viktigaste røystingane var Løvenskiold definitivt svært radikal. Ein kann nesten segja 100 år fyre si tid. Det var når ein kom til røystingi yver um Noreg skulde ha ein eigen norsk utanrikspolitikk. Løvenskiold innleidde i saki og tala varmt for at utanrikspolitikken laut styrast av Stortinget og ikkje av kongen. Her gjennomskoda han Kristian Fredrik sitt spel for å få mest mogleg makt. Ein kann berre tenkja seg kva me kunde ha sloppe undan seinare um Stortinget og den norske regjeringi hadde havt hand um utanrikspolitikken. Men Løvenskiold og tilhengjarane hans tapte - røysterresultatet vart 55 mot 55. Det var dubbelrøysti til presidenten som avgjorde saki. Elles er det ingen tvil um at Løvenskiold ikkje let seg lura med på den eventyrpolitikken som gjorde Kristian Fredrik til den monarken i Noreg som fekk stut-



tast regjeringstid.

Eit anna ankepunkt mot Løvenskiold er at han ikkje stogga kongen i å løysa upp Stortinget i 1836. Det er fleire ting å segja um dette. Men det er liten tvil um at Stortinget i 1836 var eit uvanleg radikalt Storting jamført med tidlegare og at dette skapa vanskar og opparging på bae sidor. Kor som er, det vart kalla inn til umframst Storting, og det vart avvikla utan serskilde vandemål. Løvenskiold vart dømd til bot, medan dei hine statsrådene i Stockholm slapp undan. Ingen gjorde, so langt eg kann sjå, framlegg um at Løvenskiold skulde dømast frå embetet. Han vart dimeir sitjande i fem år til. Det var embetsmenn som reiste saki, og bøndene var berre statistar, so nokon radikalisme i sjølv saki var det ikkje. Det er òg verd å merka seg at det vart halde fleire riksrettsaker i tidi etter 1814. Det var langt frå den same dramatikken kring denne som det var kring riksrettsaki i 1880-åri.

Mellingen meiner at Løvenskiold arbeidde systematisk for å veikja all folkemakt i Oslo. Han siktar vel då serleg til Løvenskiold sine år som statsminister i Stockholm frå 1828 til 1841. På denne tidi var ikkje Noreg eit demokrati med ein negativ parlamentarisme slik som i dag. Grunnlovi hadde sett klåre instruksjonar for korleis Stortinget og regjeringi skulde styra landet. Stortinget skulde gjera sine vedtak og regjeringi skulde so gå gjennom vedtaka og sjå til at dei var rett fatta og um vedtaka kom til å få skadelege eller gagnlege verknader. Dersom det fanst motlegg, skulde desse motleggi reisast for kongen, og ein skulde nekta sanksjon. So når Mellingen meiner at

Løvenskiold og mennene hans greidde å hindra til dømes fjerningi av jødeparagrafen i fleire år, må ein sjå det ut frå den politiske arbeidsmåten som var vanleg på den tidi. Han kann oppfattast som gamaldags eller pedantisk eller kva som helst av oss i dag, men det var no ein gong slik ein dreiv med politikk på denne tidi.

Når Mellingen meiner å sjå parallellar til jødeparagrafen si innføring under krigen i 1942, må ein soleis avvisa heile jamføringi. Skilnaden på å syta for at ei sak vert fyrebudd grundig for kongen og å innføra ein paragraf med dei siktemåli som nazistane hadde under krigen, er so himmelvid at det vert urimeleg. På Løvenskiold si tid var ikkje demokratiet skikkeleg utvikla, men ein freista vera so demokratiske som ein etter den tid kunde vera. Då den tyske okkupasjonen kom og Quisling-styret oppstod, vart alt demokrati medvite avvikla. Det er tvo vidt ulike situasjonar.

Mellingen held fram med å misforstå den tids politiske prosessar når han meiner at Løvenskiold var mot jarnvegar. Det var Løvenskiold si oppgåva å syta for at alle vedtak vart vedtekne på forsvarleg måte. Difor kunde han koma til å finna sidor ved framlegget som han ikkje kunde gå god for, og då var han pålagd å ikkje gå inn for at kongen skulde sanksjonera vedtaket. Løvenskiold var so visst ingen bakstrevar. Um han var skeptisk til nyvinningar var det av di han var oppsett på at dei skulde vera grundig fyrebudde.

Det er kort og godt slik at demokratiet var ikkje skikkeleg innført i Noreg på 1800-talet. Men ein var komen langt berre med det at ein hadde ei sjølvstendig gruppa menneske i Noreg som oppfatta seg heilt ut som norske og som var i stand til å styra landet. Slik hadde det ikkje vore 100 år fyrr. Då vart alt styrt frå København. Hadde det ikkje vore for at Løvenskiold vart nedrøysta kunde me kannhenda sloppe jamvel at utanrikspolitikken hadde vorte styrd frå Stockholm. Men so langt var ikkje fleirtalet av Eidsvollsmennene komne. Dei klamra seg til Kristian Fredrik og let seg lura av honom. Det gjorde ikkje Løvenskiold, berre det skulde vera grunn nok til å minnast mannen på 17. mai.

“Moderne norsk”

Av Thoralf Bergwitz Bergwitz

"Moderne NORSK" er eit ordlag som kom "på moten" i målrørsla i etterkrigsåri, og som enno hev ein viss propagandistisk verknad. "Moderne" språkprofessorar talar òg um t.d. "moderne norsk". Dette er difor eit ordlag som mange nyttar, so det kann vel vera av interesse å dryfte kva ordlaget tyder - og kva det gjerer med det norske skriftmålet.

Gjeng me til dei høgast lærde og spyr, so svarar t.d. Store Norske leksikon: Det er eit fransk ord frå seinlatin som heiter modernus til adverbet modo som tyder nyleg. Det er noko som høyrer til den nyare tid, notidi eller ei nær fortid. Med moderne språk meiner me levande språk i motsetnad til daude (antikke) språk. Det kann òg oppfattast som det som høyrer til det nyaste i sitt slag - det som stemmer med "tidens mote". Modernisere tyder å umdane til "tidens krav og smak" - gjera "moderne". Eit anna ord for det same, er innovasjon.

Eg vil difor her taka for meg skrivemåten av nokre ord.

Særslag

Tidlegare skreiv me SER-lag, SER-leg, SER-lagd (lagd til sides), SER-skild o.l. So kom "modernismen" inn i målrørsla au. "Moderne" skulde det vera - me laut fylgje "moten". Den "modernistiske" skrivemåten gjekk ut på at me skulde skrive so "nær" upp til talemålet som råd var. Me skulde m.a.o. skrive noko liknande til det dei balar med i andre tungemål - ei slags ljodskrift - ei bokstaving som syner hoss ordi skal segjast - kjend for alle som hev lukta litt på engelske ordbøker. Desse tankar - um å skrive det ordinære skrivtmålet talemålsnært, å um seg ikring siste halvpart av fyrre hundradåret. Professor Didrik Arup Seip var fyregangsmannen for denne ideologien her i landet.

Tankjen - ideen - kom snart av "moten" i andre land - og vart burtlagd i fyrsten av vårt eigi hundradår. Jamvel målgranskarar som hadde vore tendte for tankjen - gjekk seinare sjølv imot denne ideologien. Men i vårt land hev ideen haldi seg alt upp til dags dato.

Alle - eller folk flest - segjer -æ i desse ordi som her er tekne fram. Det fell difor "naturleg" å skrive æ i slike ord som SÆR-LAG.

Men ser me på andre ord - med den sama æ-ljoden - so som i hjelpeverbet er, namnord berg, serk, verk, verden, ei verd, lerge,

terne, termin, termit, gjerninsordi berje, herje, verje, terpe, terge, verkarordet verdsleg, o.s.b., so ser me at me hev fengje ein inkonsekvens i denne "moderne" skrivemåten.

Kva er i røyndi "moderne" skrivemåte?

Den skrivemåten som tek meir umsyn til samanhengen i målet enn til sjølve ljoden i talen, den vert i dag kalla "arkaisk" fordi han - etter vedtak i Stortinget - ikkje vert nytta i skule eller det offentlege. M.a. difor hev den "nye" skrivemåten vorti kalla "moderne". At denne nemningen au hev ein propagandistisk verknad, er ei anna årsak til nemningen "moderne".

Tenkjer me oss attende til den tid då mennesket ikkje hadde skriftmål, so skynar me snart at talen kom fyr det skrivne ord. Då menneski tok til å skrive, so tok dei til med å nytte bokstavar til å kjenneteikne ljodar. Og når dei so forma ordi, sette dei bokstavane samen etter ljodane som dei hadde vedteke at bokstavane skulde kjenneteikne. Det tykkjest vera evlaust at det var den ljodnære skrivemåten som var den fyrste - dvs. den mest primitive.

Etter kvart utvikla dei skriftmålet - dvs. ordi og setningane vart meir einstyndande - slik at misstydingane skulde verta færre. Skulde me taka døme frå vår eigen kvardag, so vil me tru at dei etter kvart ikkje lenger skreiv slikt som istykkje, iskåp, grastrå, krafftak, krikkskatt, lakt for lagt, daksnytt for dagsnytt og makt for magt - endå um desse skrivemåtane er i samsvar med ljodane i talen.

Me ser visseleg snart at ein sovoren ljodrett skrivemåte vart tung å lære um me skulde fylje dette prinsippet fullt ut - fordi me laut lære ord for ord. Nyttar me derimot samanhengslovi i skriftmålet - som me likevel gjerer i so mange høve - so ser me klårt kor mykje greidare det vert å lesa. Ordet krikkskatt er faktisk litt av ein rebus for oss som er van med å sjå skriftbilætet krigsskatt for dette umgrepet, og som me slett ikkje tarv ha sett fyrr for å skyne meiningi - dersom me kjenner ordi krig og skatt.

Skrivemåten magt tykkjest nok i denne samanhengen å vera eit bomskot frå mi side, men ordet hev upphavet sitt i det gamalnorske ordet magna som tyder kraft. Samanhengen krev difor at me skriv g i magt - noko me hev vraka i vår "modernistiske" tidsalder. Me skriv au SKRIFTmål - og ikkje

SKRIVTmål - endå me so klårt ser samanhengen med grunnordet. Men me skriv ikkje KRAFT for KRAVT av å krevja endå me segjer kraft i dette ordet au. Heller ikkje skriv me LAFT, men LAVT når me meiner LÅGT. Me skriv heller ikkje LOFT for LOVT, dvs. å hava LOVA noko.

Me ser difor at ein fonetisk skrivemåte i røyndi er den mest primitive - den mest utvikla - og soleis den minst "moderne" skrivemåten. Det er soleis eit paradoks - eller ei meinindløyse - å kalle den fonetiske skrivemåten for "moderne" - og det å kalle den mest utvikla - den som i større mun tek umsyn til samanhengslovi - for "arkaisk" dvs. den som er daud!

Det er elles ikkje berre det å vilja vera "moderne" i skrivemåten - som er årsak til denne inkonsekvensen. Den andre årsaki - og truleg meir tungtvegande - det er at det skal vera mest mogleg likt det norskskrivne danemålet vårt. Elles er det å vera likt danemålet au - for mange - einstyndande med det å vera "moderne".

At det norske skriftmålet - medrekna det "arkaiske" - er det mest fonetiske skriftmålet på jordi - ved sida av sudafriskansk, det er ikkje noko lyte - når det berre ikkje skiplar samanhengen - slik som tendensen hev vori etter året 1938 - det året då samblandingstrævet fekk sitt store(?) gjennomslag. Men det må vel au kunne segjast å vera litt av eit paradoks at me - som er velsigna med eit so godt fonetisk skriftmål som inkje anna folkegruppe på jordi - me søker attende til det primitive - og vil hava det endå meir fonetisk. Me grip liksom kvart høve til å koma burt frå samanhengen i vårt elles so gode og utvikla skrivtmål. Og på toppen av det heile - kallar me det MODERNISERING!

“Leiar”

Nemningen på den som skal vera den fremste andsvarlege for laget - både innerter og utetter, den er no skifta frå FORMANN til LEIAR.

No er nemningen LEIAR vorte so vanleg i mange andre samskipnader - jamvel det konservative politiske partiet HØGRE vedtok på årsmøtet sitt i fjor - å skifte ut den tradisjonsrike gamle nemningen FORMANN med LEDER. Ein av dei få einslege svanune som enno held på formannstitelen - er Framstegspartiet som hev kvinneleg formann.

Hovudårsaki til skifte av titel - at det

skulde vera krenkjande for ei kvinne å vera formann - det kann me lata liggje denne venda. Eg vil no berre taka for meg skrivemåten av ordet - at det vert skrivi LEIAR og ikkje LEIDAR.

Dette hev synbertrt au si årsak i den fyrr nemnde "modernistiske" ideologien som hev eti so um seg i ein lang tidbolk.

Det er ikkje berre det at det er vorti "umoderne" å nytte nemningen FORMANN - her viser "modernismen" seg au i sjølve skrivemåten av den nye formannstitelen. Men kven vilde VÅGE å taka på seg å "rette" teksten i salmen "LEID MILDE LJOS"?

Jau, me hev sett mange dømme på kva vandalane kann få seg til å gjera med både salmur og gamle visur. Men me må undrast kvi det er so um å gjera å kaste ut desse daude d-ane som høyrer til for å gjera skriftmålet klårt, tydelegt og fylgjert? Me hev då elles so mange or(d) der me er nøydd til å hava deim med.

Me hev ei gamal tyding av ordet LEIAST - mest vanlegt skrivi nett LEIAST. Dette ty(d)er - segjer Ivar Aasen i Norsk or(d)bok - kjedes, blive kjed; ogsaa faae Modbydelighed for noget.

Ei anna tyding av det same ordet - er å gange hand i hand - er skrivi LEIDAST, men som dømme er henta fram "gaa i leistand" - m.a.o. utan d.

Her er det ikkje tilnærming til danemålet som er ute å gieng. For kven vil vel skrive LEER for LEDER?

Ser me au på ordet LEIE - som mange av oss segjer når me meiner LEIGE, so fær me nemningen LEIAR for den som LEIGER noko, og UTLEIAR um den som leigjer ut. For det er vel ikkje minder grunnlag for å kutte ut g-en enn d-en i skriftbilætet når han likevel ikkje er høyrande den heller?

Som me ser - so er ikkje misstydingane langt undan når me tuklar med eit gammalt godt kulturmål. Og sume er jamvel so freidige at dei kallar denne vandalismen av skriftmålet for UTVIKLING.

Nemningen LEIAR er soleis ein sers uhøveleg skrivemåte - ikkje berre nytta i tydingen FORMANN, men reint ålment - for d-en kjem att i fortid av verbet i alle tydingar av ordet.

At ordet - rett skrivi - au hev mange tydingar - gjerer det heller ikkje godt høvelegt som erstatning for den sers gode gamle nemningen Formann. At raudstrømpekvinnene - med Dagbladet og Arve Solstad i brodden - mana kvinnediskriminering i "mannen", det burde ikkje målfylkingen lata seg dåre av.

Det er neppe klokt å gjera det som rangt



I ungehagen?

er berre for det um andre gjerer det som er rangt. Målfylkingen skal vise veg - den skal vera faneberar, serskilt i ei sak som det hev programfest å vera faneberar for.

"Ungehagar".

Ja, kvifor ikkje UNGEHAGAR? Me talar um "ungane" i BARNEHAGEN. Kvi vera so inkonsekvante? Kvi ikkje taka steget fullt ut - og setje nytt navn på Barnehagen? Eg meiner når me fyrst held på med umskifte av ord og nemningar? T.d. er ordet VARAMANN no vraka. Sameleis gjekk nemningen TILLITSMANN på dynga. Ei tid heitte det VARAKVINNE når det var ei kvinne som var vald til varamann. VARAJENTE såg ikkje dagens ljus. Og både VARAKVINNE og TILLITSKVINNE tykkjast ha sett sine beste dagar - for ikkje å tale um FORKVINNE. No er det tillitsVALD og VARA som er i skotet - ved sida av LEIAR.

Når me for kvar pris må bannlyse MANNEN i tydingen MENNESKJE, so er vel tillitsVALD eit ord som kann nyttast. - berre det ikkje vert oppfata som noko som hev med VALD å gjera! Men VARA - kva er no det for slags ord? Jau, VARA er eit eigenskapsord, so som STOR, LITEN, PEN, STYGG og liknande. Til liks med å segja VARA for varAMANN, skulde det vera nok å kalle SMÅguten eller SMÅgjenta for berre "SMÅ"? eller STORKAREN for STOR? eller STYGGEDOMEN for STYGG?

At målfolket let seg so totalt villeide av Raudstrømpene som syner so stor vankunne i norsk målføring, det må ein berre undre seg storleg yver.

Det er greitt at me etter kvart er vortne so vane med å høyre kringkastingsfolket tala um UNGAR at me held på å gløyme at det er BORN det er tale um. Bestemor sa at det er katten som fær UNGAR - menneskje fær born. Dersom me ser at det er ein viss skilnad på det sagde og på det skrevne ord, so tillet me oss å segja mangt som me ikkje vil skrive. Mange segjer t.d. BÆRT, men me skriv BORE - av å bera.

Til dei som tykkjer det er greitt med nemningar som FORKVINNE,

VARAKVINNE, TILLITSKVINNE, og jamfører desse nemningane med sjukesyster og lærarinne, so må det vel vera toppen av inkonsekvens i ei tid då elles alle umbodsnemningar som viser kvinnekjønnnet er bannlyste i tungemålet. At me samstundes hev fengje ein ny inkonsekvens med denne "modernismen" - det tykkjast ikkje målalkymistane å uroa seg for.

Burtsett frå "jordmor" - som i visse høve er vorti til "jordfar" - er alle umbodsnemningar han-ord. Men etter framstøytar frå kvinnesaksfolket er han-ordi no vortne både han-ord og ho-ord. Me hev soleis fengi eit nytt tungemål - eit tungemål som tek meir umsyn til kjønnnet av den som er umtala enn dei gamle lovene i sjølve målet - der STATSMINISTEREN, grisen og snikkaren - var han-ord. Og dette gjerer me i ei tid då me hev rasera alle kvinnetitlar i det same tungemålet. Er det mogleg å få til meir inkonsekvens i tungemålet? Er det mogleg - ja so gjerer me det visseleg.

Gåvelista

I alt 4000 kr frå...

Knut Dale, Odda, 100 kr, Senter mot antisemittisme, 1600 kr, Johannes Volle, Vartdal, 350 kr, Per Inge Bale, Øvre Årdal, 350 kr, John Marhaug, Fyllingsdalen, 300 kr, Christen Krogvig, Oslo, 150 kr, Thor Helge Langsholt, Oslo, 150 kr, Thoralf Bergwitz, Arendal, 150 kr, Arnold Lund, Sandnes, 150 kr, Harald Eintveit, Atrå, 100 kr, Magnhild Marøy, Laksevåg, 100 kr, Kåre Flokenes, Stavanger, 100 kr, Anders Gjerland, Haukedalen, 100 kr, Torstein Sausjord, Bjarne Målsnes, Kokstad, 100 kr, Voss, 50 kr, Rolf Söderström, Fyllingsdalen, 50 kr, Laksevåg, 50 kr, Ragnar Hove, Vik, 50 kr, Magne Myhra, Voss, 50 kr.

Sank ein tingar til

Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

Nækt av Max Weber

Av Lars-Toralf Storstrand

Kjernetesen i Max Webers skrift "Die protestantisches ethik und der Geist des kapitalismus" kann sterkt forenkla parafraserast på denne visi:

"Det er protestantismen, som på grunn av sitt fromleiksideal, der etikken og moralen vert ein baka inn som ein part i kristenlivet, og huglaget til Guds Ord som vert grunnlag for kristenlivet, som gjer at ein livande kristen hev ein arbeidsmoral som gjer det vågnadleg for kapitalismen å eksistera."

Når det er sagt, lyt eg understreka at eg ikkje meiner at det ikkje finst kapitalisme utanum protestantiske krinsar, heller ikkje at det ikkje finst kapitalistar som ikkje er kristne.

Dét eg derimot meiner er at det huglaget som er naudsynt for at kapitalismen skal fungera på sitt beste og mest effektive og ikkje minst rettvis, fann klangbotn i det protestantiske, og då serleg det kalvinistisk-protestantiske livssynet.

Set frå eit historisk grunnsyn kann me slå fast at kalvinistisk teologi ikkje hev den same uttydingi av umgrepet "frelsesvissa" som luthersk teologi hev det. Medan ein lutheranar meiner det finst høve til å vita med vissa i sitt indre at ein er 'frelst' - reknar ein ikkje frå kalvinistisk hald eit sovore svar som mogleg.

Derimot ser ein på framgangsrike fylgjar av å arbeida og verka som ei Guds blessing av det ein gjer og i og med at Gud blessar ein - og i og med det at ein hev Guds godvilje med i fyretaket sitt. Eg sluttar meg til at eg i det store og heile er samd med Max Weber i denne slutningi.

I det vidare skal eg kor som er ikkje dryfta Max Webers tese meir i den leidi. I staden for skal eg sjå på dei tvo storleikane 'kapitalisme' og 'romersk-katolisisme' og korleis tilhøvet millom deim er.

Kva er kapitalisme?

Det fyrste me lyt gjera er sjølvsagt å definera ordet 'kapitalisme'. I denne artikkelen er ordet 'kapitalisme' nytta i ei uttyding som i utgangspunktet er positiv, utan at det dimed er sagt at alle uttrykte former for kapitalisme naudsynleg er positive.

I vår tid er kapitalismen under stendige åtak. Alt som lånar seg kraft eller styrke frå einkvan slags framstormande finansiell tanke tykkjast råka ut for ein ordtøkjessmessig sperreeld.

Når ein granskar spursmålet, finn ein snøgt at det finst eit reelt hav av grupper med ulike grunnsyn som kritiserar alt som luktar av 'kapitalisme' på det sterkaste, og i kritikken vert det tidt nytta ord som "imperialistisk" og

"kolonialistisk" og "utnyttande" og "utsyngande" både einståande - og i kombinasjon. Men kann grunnhåttene til kapitalismen definierast grunnleggjande sett på ein slik stutt måte?

Definisjon

Det er ei grunnleggjande sanning at um ein ting skal vera negativ i grunnhåttene, so må det òg finnast eit positivt motstykkje. Det er då òg dei fleste samde i. Men motstykkjet for kapitalismen som ideologi er ikkje nærskylt med jamn fordeling av alle godi - slik det var samla i SV sitt gamle slagord: "del godene".

Den amerikanske marxist-leninistiske synsaren Noam Chomsky slår ikkje minst dette fast, når han i eit intervju, med Adrian Zupp frå 1999 segjer at realkapitalisme aldri hev vore utprøvd. Han kallar jamvel den kapitalismen som vert praktisert idag for "bogos" - det vil segja "falsk", og meiner at sidan den industrielle revolusjon byrja kring 1750 hev alle former for 'kapitalisme' som hev vorte utprøvde vore ei eller onnor form for statskapitalisme, ikkje realkapitalisme/privatkapitalisme.

Chomsky meiner vidare at folk flest dessutan hadde havt vandskar med å akseptera eit kapitalistisk grunnsyn i praksis. Denne skrivaren er naturleg nok usamd i den slutningi, men helder ikkje det skal eg dryfta vidare her.

I staden vil eg setja fram fylgjande tese: "Kapitalismen er grunnleggjande sett nøytral, eller for å segja det på onnor vis: hev eit janus-andlet. Med dette meiner eg at det finst ei positiv, so vel som ei negativ sida i honom. Dette botnar i det som ein med grunnlag i judeo-kristen filosofi vilde kalla "den vonde draging", eller som mange kristne kallar "arvesynd". Sidan reelt sett nøytrale, gilte og objektive menneske djupast set er ein dagdraum, av di mennesket i seg sjølv er subjektivt, må det vera slik. Men mennesket kann, filosofisk set, tvinga seg sjølv til anten å te seg altruistisk, eller det kann kjosa å setja seg sjølv i hovudsetet.

Exit Weber - Enter Vatikanus

Vandemålet oppstår i og med den romersk-katolske skyningi av arvesynd, ei skyning som hev snike seg inn - og held fram med å gjenomsyra protestantismen som ein surdeig. Dette ikkje minst sidan protestantar flest hev råka ut for ein batalje av ranglæra frå liberale teologar og vantru kristenleidarar, um at sidan mennesket er vondt - kann det ikkje gjera noko som er godt eller altruistisk i det heile.

Men det er skilnad på den vonde dragnaden eit menneske kjenner i sitt hjarta - og det å leggja alt anna til sides - og gjera det. Me kann òg segja det slik: Det er stor skilnad millom Ayn Rand sin tanke um sjølvisk åtferd - og Aleister Crowley sin egoisme; og det må understrekast. Når Ayn Rand snakkar um sjølvisk åtferd, er det prinsipielt heller ikkje i strid med Bibelens og Jesu lære, men snarare tvert om. Når Jesus snakkar um det fyrste og største bodordet, segjer han at det er: *"Du skal elske og æra Herren din Gud av alt ditt hjarta av alt ditt vit og av heile di söl, og din neste som deg sjölv"*, so tyder ikkje det at det er noko gale i å elska seg sjølv, men ein skal elska nesten sin som seg sjølv.

Um ein person ikkje er i stand til å elska seg sjølv - trass i det han er, vil han heller ikkje vera i stand til å elska sin neste - av di han ikkje hev nokor referanseråma for korleis hin skal elskast.

Når dette medvite vert misskyna på bakgrunn av til dømes ei romersk-katolsk uttyding av "arvesynd", fører det til at den aktive parten forteiknar seg - og legg for dagen at han djupast set hatar/svivyrdar sin neste.

Når mennesket derimot frå ein protestantisk/jødisk eller bibelsk ståstad segjest å vera botnlaust fortapt og det segjest at inkjevetta godt kann koma ut av dét det ger, eller trår etter, so er det primært korleis mennesket er i sin opphavelige stand. Men det same mennesket kann etter same grunnsyn verta "herleg frelst" og få steinhjarta bytt ut med eit kjøthjarte - og som ei fylgje av det få nye verdiar i livet sitt. Desse verdiarne høver fullkome i same skopar som kapitalismen. Kapitalismen handlar nemleg ikkje um å sopa ned i eigne lummar og gjera seg sjølv rik på andre sin kostnad. Den handlar um å bruka "talentane" ein hev fenge utgjewe - til i minsto å forrenta seg. Han som neittar å bruka talentane sine svivyrdar ikkje berre sin neste - men foraktar Gud. Jesus snakkar um dette som "å grava ned talenten" sin.

Det er ikkje i pakt med bibeltru kristendom. Det er ikkje i pakt med protestantisme. Men det er syrgjeleg i pakt med romersk-katolsk tanke og filosofi.

Kapitalisme? Fy! Fy!

Både fyrre paven (Karol Wojtyla) og dagsens pave (Josef Ratzinger) hev uttala seg kvasst mot kapitalismen.

Under seinaste pavevisitasen til Brazil uttalte Ratzinger seg mot det han kalla "kapitalisme utan taumar". Han tykkjast med

andre ord meina at kapitalismen hev for frie taumar, noko som stend i diametral motsetnad til det Chomsky segjer.

Rett nok segjer det seg sjølv at fridom fyrst og mest handlar um fridom under andsvar - og at han som vil nytta kapitalisme i praksis må vera seg medviten det store andsvaret som fylgjer med - og ikkje stappa i eigi lumma, men gjeva attende til samfundet. Å gjeva attende til samfundet ikkje er det same som å verta offer for høgt skattetrykk der staten berre vert ein fordyrande og ineffektiv millomlekk.

Objektivisme/subjektivisme

Spursmålet kokar til sjuande og sist ned til kva syn ein hev på staten, og ikkje minst staten si rolla i samfundet. Etter objektivistisk tanke (som faktisk er latent til stades i den amerikanske sjølvstendeproklamasjonen) ligg det i grunnen ikkje upp til staten å stjorna ein-skildpersonen. Staten si oppgåva er fyrst og mest å tryggja borgarane sine og leggja til rette for at kvar einskild kann søkja si eigi lukka.

Grov sett tyder dette at staten si oppgåva er trikløyvd:

1. Tryggja folket frå ytre fiendar
2. Tryggja folket frå indre fiendar
3. Syta for infrastruktur

Ser me på dei sokalla 'amendments' til den amerikanske konstitusjonen ser ein ogso tydeleg korleis det vart lagt vinn på å tryggja ein-skildmennesket mot eventuelle brøtsverk frå staten. Faktum er at yvergrep frå staten si sida den gongen - vart vurdert strengare enn krigs-brøtsverk i vår moderne tid.

Vår tids politikarar hev ikkje reint lite å læra av både den amerikanske konstitusjonen og av sjølvstendeproklamasjonen.

Kollektivism vs. individualisme

Vandemålet er at den tanken stend i strid med den kollektivistiske filosofien som t.d. EU byggjer på. Det vert snakka mykje, både i tide og utide um menneskerettar, men menneskerettssynet deira byggjer på ein kollektivistisk tanke i staden for ein individualistisk tanke - slik det lydde yver Europa etter reformasjonen:

"Fridom i søli, likskap for Gud og brorskap millom menneska" - ein tanke som vart vidareført i og med skipingi av USA,

men som aldri fekk høvet til å mognast i den franske republikken - og enda med den sekulariserte versjonen, og med den, kollektivismen som bana veg for eit sosialistisk menneskesyn, med sitt søllause "Fridom, likskap og brorskap".

Medan reformasjonen bana veg for fridom under andsvar, hev det alltid vore den romersk-katolske kyrka sitt program å trælka menneska under 'kyrka'. Difor er dei imot individuell fridom til å tenka sjølv (det er banlyst å tolka Bibelen sjølv, i strid med kyrkefedrane si tolking). Difor er dei imot kapitalismen (av di realkapitalisme er sterkt vilkårsbunde til fri kapital).

Når den romersk-katolske kyrka difor umtalar protestantar som "åtskilde brør" (separated brethren) som dei ynsker "velkomen inn att i kyrka" - men samstundes er motstandarar av kapitalisme og individualisme, so er det noko som haltar.

Kyrka er ikkje ein lekam, ein organisasjon, der menneske er medversmenn og -kvende, men er bygt upp av levande steinar. Kristne skal difor ikkje høyra til ei kyrkja, men vera kyrka.

Drotningholm - eit makalaust ferdasyn

Av Lars Bjarne Marøy

Drottningholms slott og valdet ikring det er eit av dei mest storfelde ferdasyni i Stockholm. UNESCO hev sett det på lista yver sermerkte kulturattraksjonar. Når ein kjem inn på slottsumrådet skynar ein kvifor dette er ein attraksjon i verdsklasse. Slottet i seg sjølv er stort, og det ligg fint til med sjøinngang nedanfrå. Båtane gjeng frå byen og gjennom skjergarden og ut til slottet. Det er òg mogleg å velja ein meir praktisk reisemåte med tunnelbana og buss.

Vegen skjemmer litt av utsikti frå nedsida, men frå innsida av slottet hev ein ingenting som held ein attende frå å uppleva den historiske dimensjonen som slottet må sjåast inn i. Her ser ein den barokke hagen som er laga til slottet. Han er ovdiger. Hagen er reinskoren og velhalden. Det er hekkar, fontenor og fossar yveralt og ikkje minst herlege tre. Trei er planta heilt frå 15- og 1600-talet, og dei er svært både høge og tjukke. Det er eike-tre, linn og andre tresortar. Dei er ikkje minst svært velhaldne. Eg trur ikkje eg hev set so mange ulike hagefelt som hev vore so godt vedlikehaldne og tilbudde. Det einaste måtte vera på film frå store gods i utlandet.

Alt på 1500-talet fanst ein kongsgard på Drottningholm som vart



Foto: Åbo Akademis bildsamlingar, Leo Björkman (1876-1961), amatörfotograf.

kalla Torvesund. Han var Gustav Vasa sin eigedom. Sonen hans Johan den tredje let arkitekten sin Willem Boy føra upp ein mindre slottsbyggnad der slottsbyggjet ligg i dag. Dette slottet hadde han sett av for drotningi si Katarina Jallonica, og det er etter henne at staden hev fenge namnet Drottningholm. Det gamle slottet brann i 1661 etter det vart det sett i gong fyrbuingar til eit nytt slott, men krigstidene og dei store krigsutgiftene som Sverike hadde, hemja arbeidet mykje. Utyver 1700-talet vert det nye slottet bygt ut med nye tilbygg m.m.

På 1750-talet vart det bygt eit teater i tilknytning til slottet. Det brann i 1762, men arbeidet med å byggja eit nytt tok til rett etter brannen. I dag er teateret i drift og hev etter måten mange fram-syningar i året. Byggjet er utstyrt med fantastiske innretningar. Ein kann rulla upp og ned det meste med handemakt, og kulissane og alle hjelpemidli syner oss eit bygg som var sers velutstyrt når ein tenkjer eit par hundreår attende. Det må vera eit tungdrive teater for moderne scenearbeidarar, men stilen og atmosfæren er unik og gjev tilskuv til å halda ei og

onnor framsyning for å halda liv i teatret.

Eit godt stykkje uppe i hagen ligg det sokalla Kina-slottet. Adolf Fredrik laga det til dronning Lovisa Ulrika sin fødselsdag i 1753. Det fyrste slottet byrja å rotne stutt tid etter at det kom upp. Difor fekk dronningi førd upp eit nytt slott i 1769. På kontinentet var interessa for Kina og kinesisk kunst stor og svenskane fylgde med. Slottet på Drottningholm høyrer nok derimot mest til rokokostilen og hev berre teke upp sume stemningsdetaljar frå kinesisk

kunst og arkitektur. Det ein legg best merke til er målarstykkje i slottet. Elles er det eit vent slott, men utmerkar seg ikkje i høve til anna av kinesisk kunst eg hev sett. Kvar det hev vorte av dronningi si store samling av kinesisk porselen er eg ikkje viss på, men eg gissar på at ho kann ha vorte plassert på Östasiatiska Museet i Stockholm som hev ei ufatteleg mengd kinesisk kunst og porselen. Det var den svenske arkeologen Johan Gunnar Andersson som fann ei rad ukjende busetnader og graver frå yngre steinalder

i Kina. Han fekk høve til å taka med seg eit rikt utval attende til Sverige og dei dana grunnlaget for museet som kom til i 1926, men det heiter seg òg at Gustav VI Adolf, som både var interessert og kunng i arkeologi, testamenterte si eigi store samling av gamal kinesisk kunst og brukskunst. Dette er berre ein spekulasjon frå mi sida. Eg tykkjer i alle fall at det er underlegt kor lite kunst her er, jamført med Östasiatiska Museet.

Severin Løvenskiold - var ikkje ein landssvikar

Av Thoralf Bergwitz

Ei sterkt nedstytt utgåva av dette stykkjet hev tidlegare stade på prent i Telemark Arbeiderblad. Innlegget var svar på eit bladstykkje som redaktør Ove Mellingen hadde på prent i Telemarksavisa den 26. mai 2007 under tittelen "Helt eller simpel landsforræder" (red.).

"Herre Gud tilgiv dem, thi de vidste ikke hva de gjorde! Give Gud mit ulykkelige Fødeland Evner til at vedligeholde en konge! Kraft til at ve[d]ligeholde den saa hastigt decredere Selvstendighed! Kunde jeg øyne en lykkelig Mulighed, vilde ieg have været den første til at biestemme."

Severin Løvenskiold i dagboknotati sine frå Eidsvoll i 1814.

Det er sagt - og til dels vist - at Løvenskiold var kongevenleg. Den truskap mot det samheldet som han var den øvste leidaren for - nest etter kongen - den er han - i visse høve - vorti klandra for. Eg hev pløgt gjennom det meste av den tilgjengelege litteratur um det som gjekk fyr seg på rikssamlingen på Eidsvoll i 1814, og eg hev søkt og leita fram i litteratur som umhandlar - nettupp - kammerherren, amtmannen, eidsvollsmannen, statsråden. Statsministeren og stathaldaren - Severin Løvenskiold. Det inntrykket eg sit att med, er m.a. at - i realiteten bar Løvenskiold alltid med seg eit vensamt sinnelag. Og like tydeleg tykkjest det vera at han ikkje la nokon for hat. At han kunde vera so vonbrotten av handlingar frå visse menneskje at han ikkje vilde hava noko ynskje um å dyrke samver med desse menneski, det er ikkje det same som å hata.

At han hadde vensame tankar for Karl Johan, det er soleis ikkje noko brøt med den måten han livde på andsynes menneskje han møtte på sin veg og som han hadde noko med å gjera på ei eller onnor vis. Det er elles komi fram i mine studiar - at han var det menneskjet som - etter kvart - stod Karl Johan aller



nærast. Samtidig - so kjem det fram - at det Severin Løvenskiold brann aller mest for i det han foretok seg - det var umtanjken for det norske folket.

Um falske påstand og baktale

Det er ofte so - med rullebladet til eit menneskje - at ei einaste hending - sann eller usann - framsett av vondkynde menneske - kann setje stempel på menneskjet - slik at eit langt liv i teneste for den gode sak og det gode liv kann koma i skuggen av den eine hendingi - eller det eine vondordet som einkvan kann ha rengt or seg - med motiv som gjeng ut på t.d. å freiste vinne ein politisk siger. Den som stend fram i berrhogget - og berer fram det som han meiner er rett og godt - serskilt når det gjeng imot det som den kompakte majoriteten meiner - tykkjest alltid å vera utsett for vondkynde påstandar og falsk baktale. Våre vener på Eidsvoll vart - i so måte - ikkje sparde. Difor er det viktig - for ettermælet - av umsyn til ætlingane - at sanningi kjem fram for dei som hev fortent ein betre umtale enn det som - eventuelt samtdi gav dei - ein umtale som kann ha hengje ved i ettertidi òg.

Det å ha meiningar som er i mot-

strid til det som fleirtalet meiner, er ikkje udemokratisk. Det at eit mindretal vert nedrøysta er ein del av den parlamentariske prosessen - som - i mange høve - er rein fleirtalsdiktatur!. Severin Løvenskiold var reint i ørvæne og vonløysa over å verta nedrøysta - for han meinte at vedtaki som var gjorde av fleirtalet på Eidsvoll var politisk umogleg å gjennomføre - og som på ingen måte vilde gagna nasjonen Noreg, men tvert um -som det òg synte seg - i alle år inntil 1905.

Til det Mellingen skriv um "Jødeparagrafen"

Heller ikkje i saki um utestengjing av jødar frå landet - var det Løvenskiold som førde ordet. Her er det presten - far åt nasjonalpoeten - Wergeland - som tok ordet. Han framførde fylgjande ord: "Israelittene, som have hele Jorden til Fædreland, kunne gjerne lade os beholde for os selv denne Afkrog på Kloden. Deres Indtrængen i Landet vilde kun fordærve og forarme Almuen."

Etter notat frå sorenskrivar Bryn - so reiste ein bonde frå Lista seg brått upp og ropa: "Statt upp alle som ingen jødar vil hava i landet!" Og med eitt - som ved ein elektrisk støyt - reiste vistnok nærast alle seg. Dermed var jødeparagrafen vedtekjen.

Denne bonden frå "Lister" het Teis Lundegård og var ein sjølvskriven "Sjølvsstendemann". Når det gjeld samanlikninga som Ove Mellingen gjerer med Quisling so vert det historielaust. Mellingen tykkjest ikkje å sjå skilnaden på ein lovleg union, med ein - etter gjeldande system - lovleg vald statsminister på den eine sida - og ei okkupasjonsmakt og ei ulovleg utnemning av Quisling på den andre sida. Skilnaden er so milevid og skræmmande - at det ikkje kann vera noko anna motiv enn eit ynske um å svivyrda og tilsulka heile Løvenskiold-ætti.

Unionsmennene.

No skal det liksom ikkje ha vore serleg heiderleg å ha vori "unionsmann" som dei vart kalla - på Eidsvoldstinget. Heilt upp til vår tid tykkjest det ha vori minder ærefullt å ha vori med i "Svenskeflokkjen". Hovudårsaki til at denne haldningi hev haldi seg, ligg truleg mykje i den kjensleladde talen som presten Jonas Rein heldt - under finansdebatten - som hadde ein heilt avgjerande verknad på heile møtelyden. Her fær "unionsmennene" so øyro flagrar. Dei vert skulda for at dei nærast er å rekne for landssvikarar og meire til. Høyr berre:

"Og naar da en gang i tiden dine efterkommere, imens de arbeider som trelldyr under det uverdige adelsaag, imens de udsuges, og sukkende leser krøniken, hva Norge, hva nordmænd eengang har vært,- naar de paa siste blad i Norges krønike leser: Da man skrev aar efter Kristi byrd 1814, da solgte Norges mænd deres nasjonale frihed og uafhængighed, deres barns odel - for een sum hvormed hver mand kunne kjøpe een tønne korn, da vilde de forbanne vaart minne og bittert spotte vaar usselhed. Reis, men fortell ei hvor I kommer fra! Og Eder, nordmenn, Eder tør man opfordre til een saa skammelig feighed, til saa skjendig at forraade det gængsne fedreland, aa bortgi det til fremmede, til en arvefiende, for at spare en haandfuld forslitte bankosedler. Her gies menn blandt os, der truer med at forlate fedrelandet, saafremt det bliver fritt. Bort med dem! La dem lenge nok fly det land, hvis uægte sønner de er. Kun at de vilde gjøre os den tjeneste at fortie fra hvilket land de drog ud!"

Då han var ferdig med den lange og kjensleladde talen, braut fagningen laus. Etter dagboki åt Jacob Hersleb Darre heiter det:

Neppe vare disse Ord udtalte, før hele forsamlingen, endog een Deel av selve Modpartiet, reiste sig som een Mand og med

Klappen i Hændene raabte: "Bravo! Bravo! Held for gamle Norge! Held for hver ærlige Mand!"

Nu var den hårde Nødd Knækket.

Med ein sovoren spontan reaksjon frå storparten av møtelyden, såg motmennene at slaget var tapt. Wergeland som visseleg hadde skodd seg godt med eit motinnlegg, stakk manuskriptet i lumma og reiste seg for å vera med på klappingi. (Or notatane til Fredrik Schmith).

Men for ettertidi - og serleg so lang tid etter denne "grausame salve" - so må det vera på tide å vurdere - på ny - det som her er sagt med so ustyrlig ein ofse.

Tenk om dette so beinharde åtaket på ei liti gruppe i den so høgt vyrde samlingi av embetsmenn og elles dei beste og mest vyrde menn som landet hadde å bjoda på - her verkeleg rette bakar for smed?

Ja - var det derimot sjølvstendeflokkjen - som var dei rettelege landssvikarane? Var det sjølvstendemennene som lét seg villeide til å svike dei verkelege hugmåli åt det norske folket i dei dagar? Var det sjølvstendemennene som - sveik og dåra - førde folket ut i ein meiningslaus og vonlaus krig - ved å velje ein despot av ein herskegirug dansk tronarving til norsk kongje?

Kven var det som villeida foket (flokkjen på Eidsvoll) til å føre folket ut i ei syrgjeleg stode for - den gong - eit ukjent tidssrom? Jau, det var prins Christiann Frederik med sine tvo trugne tenarar, Christian Magnus Falsen og professor Georg Sverdrup.

Og kven var det som gjorde ein freistnad på å hindre denne ulukka - som folket der og då vart ført ut i - um det ikkje var nettupp Severin Løvenskiold?

Når dette - ein gong - gjeng opp for folk i Noreg - og i andre land - so vert nettupp Severin Løvenskiold den røynelege nasjonalhelten vår.

Dette hev eg gjort greie for - utan å

gjeva det inn med teskeidir - i boki mi "DOMEN" - som ingen - til no hev motsagt.

Eg kann her og no gjeva ein stuttversjon av denne utgreiingi.

Magtspelet på Eidsvoll

Me hev høyrte um Notabelmøtet den 16. februar, 1814. Um det som kom fram på dette møtet, segjer Olaf Gjerløv m.a. : "For prinsen var hovedhensynet å bevare Norge for den oldenborgske kongeslekt. Som alle vet ville han - uten videre inntre i stillingen som norsk konge i kraft av sin arverett til tronen, og det var heller ikke opprinnelig i hans tanker å endre den enevelldige regjeringsform". Han vilde - på ingen måte - gjeva avkall på nett det som han rekna for sitt - erveretten til den norske kongetruna og dermed òg faktisk eigedomsretten til Noreg og det norske foket!. Han sette difor sine vilkår for ikkje å setja fram ervekravet. : "En riksforsamling skulde velges som skulle utarbeide en konstitusjon samt snarest mulig kåre Christian Frederik til norsk konge, men så ikke ha flere funksjoner! - Christian Frederik forbeholdt seg selv den fulle myndighet over utenrikspolitikken og vilde ikke ha noen innblanding fra riksforsamlingens side."

Dette var herrane Georg Sverdrup og Christian Magnus Falsen vitne til at prinsen sa. Og me skal sjå kor smart nettupp desse tvo høgt vyrde mennene manipulerte ein inkjeandande flokk sendemenn på eidsvollsmøtet til å røyste for kongevalet fyrr dei rett skyna kva dei hadde vori med på!

Korleis desse mennene - dei trugne tenarane åt den maktgiruge prinsen - arvingen til den danske kongetruna - fekk den inkjeandande flokkjen ved overrumpling - til å røyste for å fråskrive seg sitt eigi sjølvstende - røyste for fråskrivning av sin eigen rett til å styre sitt eigi land, det skal eg her og no leggje fram dokumentasjonar på.

Det som her vert skrivi um dryftingane og den overrumplingstaktikk som ovanfor er



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

nemnd - er henta frå dagboksnoteringar av Severin Løvenskiold. Desse noteringane som vart funne att or gløymsla etter den siste storkrigen - og vart - av kammerherre Holst - berga frå øydelegging - som Løvenskiold sjølv var igang med i 1856 etter at han var gjengje av som statthaldar.

Det var kjendt for alle sendemennene at Herman Wedel hadde havt kontakt med framstående svenskar um ein mogleg sameining med Svearikjet, og at han hadde meiningsfrendar med seg på desse planane. Det finst derimot ikkje grunnlag som tyder på at Løvenskiold hadde havt noko med desse dryftingane åt Wedel å gjera. Likevel tyder mangt på at det var kjendt - so nokonlunde - kven som sokna til sambandsflokkjen i samlingen. I alle høve so veit me at Løvenskiold - alt dagen fyrri den fyrste møtedagjen - hadde bedi prinsen um å draga seg attende frå sitt kandidatutval til kongeval. Etter det me elles veit um den samansvergingt som var på gang - so gjekk det nok ikkje lang tid fyrr Løvenskiold var "plassert" av "sjølvstende"-gruppa.

Den fyrste styrkjeprøva var val av president. Då valet fall på Peder Anker "merkede jeg en paafallende Modstræben mod Khr. Anker", skriv Løvenskiold. Det tyder på at det frå fyrste stund var bygt upp eit motsetnadstilhøvet millom - i alle høve tvo motstandande grupper i salen.

Det neste var valet på ein komite for utarbeiding av reglar for "Forsamlingens indvortes Organisasjon og at opsætte en Takke Adresse til Prints Regenten.

Den neste dag - den 12. april - tok møtet til kl. 11 med opplæsing av den utarbeidede riksdagsordningen - debattert og vedteken.

Adressen til prinsen var skriven av professor Georg Sverdrup.

Løvenskiold skriv i dagboki si:

"Jeg fant den fra æstetisk Synspunkt maadelig, og dens Inhold Forsamlingen og Nationen uværdig. Efter min Formening, burde Nationens og Forsamlingens Værdighed kunde have været forened med den Respect, Erkientlighed, Hengivenhed og Høflighed som skyldes Regenten, og i mangel heraf, var Adressen mig modbydelig. - Efter Addressens Læsning reiste Pastor Wergeland sig og med ædel Frimodighed berørte Addressens Mangler".

No er det at Løvenskiold tek ordet for å få gjort merksam på noko av det han visseleg hadde ein aning um var i emning - og som han alt no tydeleg vilde avverje. Han skriv: "Jeg biefalt disse Yttringer og foreslog det Tillæg: at regenten maatte anmodes at vedblive den executive Magts Forvaltning, intil Forsamlingen efter at have gjort sig tilfulde bekient med Fædrelandets indvortes og

udvortes Stilling, kunde forelægge ham sine endelige Ønsker og Beslutninger."

Dette er ei utsegn - som til fullnads syner kor vakjen Severin Løvenskiold var andsynes den fåre som truga land og folk dersom me skulde få ein eineveldig regent til å få makt yver landet

Det fyrste overrumpplingsframlegget

Men no er det at ting tek til å hende! Det tykkjast vera planlagt på det viset at det skulde skapast røre i salen for so å slå til med eit overrumpplingsframlegg som ein visste at det vart fleirtal for - berre framlegget kom frå "rett person",

Det som no hendte var i alle høve i samsvar med planen åt Christian Frederik - at det skulde veljast ein kongje.

I staden for å taka einevaldsmagti upp til dryfting - so som Wergeland hadde lagt upp til - so tok "Enkelte Stemmer" upp spursmålet : "om ikke Regenten burde hedde Konge?"

Visseleg var det ingen i salen som hadde tankje um at det bryggja upp til eit kupp - og at desse ordi kunde vera innleidingen til just dette. Men det var i alle høve nokre røys-ter som lyfte seg for at dette var utanfor dei spursmåli som komitéen hadde lagt upp til.

Her tykkjast som um nokon nytta høvet til å fiske i rørt vatn - som dei verkeleg òg gjorde! For no kom det ytringar um at "Tittelen tillige burde afgjøres" - no og med det same. Flokkjen er no opphengd i ei sak som slettes ikkje er på saklista - men som tydelegvis skal pressast fram - mao. eit knep som berre drevne debattantar greider å villeide ein heil samling menneskje med. Og no kom det igang ein langvarig og "heftig Dispute".

I dette røret som no var komi i stand - tydeleg etter ein opplagd plan regisert av Christian Frderik - er det at Christian Magnus Falsen trer fram med si fulle tyngd "og erholt Tilladelse, at tilføre Protokollen sit votum saaledes: "Jeg stemmer for at Norge skal være et indskrænket og arveligt Monarkie, og at regenten skal hede konge og at Norge skal være et frit uafhængigt og udeelelig Rige." Me merkjer oss den utrueleg sluge manipuleringi.

Dette var synberre ein framstøyt med eit kupp i planen med å få avgjort at det skulde gjerast eit kongeval - og det utan fyrivarsel - varsel dagen i fyrrvegen - som var ein vedtekjen regel for samlingen. Med ispeding av kravet um "et frit uafhængigt. Rige" for å få det til å sjå ut som noko anna enn det som det i røyndi var. I ettertid kann me spykje kva "frit og uafhængigt" tyder når planen er å halde ved lag det "frie" og "uafhængige" for ein eineveldig kongje

Me kann undre på kor djupt Løven-

skiold vurderte desse vyene, men kjem me i hug framleggjet som han kom med - "intil Forsamlingen efter at have gjort sig tilfulde bekient med Fædrelandets indvortes og udvortes Stilling, (og) kunde forelægge ham sine endelige Ønsker og Beslutninger." . so ser me klårt - at her er den mannen - som verkeleg hev auga for kven som bør og skal ha magti i dette land - dvs. folket - ved Rikssamlingen!

Kven var det som skreik upp um udemokratisk framferd og åtfærd?

Han var dessutan på pletten med det same - som han sjølv skriv: "Forgjebes indvendte jeg med fleere: at Tillægget stred mod den vedtagne Rigsdags Ordning, som bestemmer: at ingen Qvæstion i Forsamlingen maae debatteres, mindre omvoteres, med mindre den Dagen forud har været fremsat, paa det de Deputerede maatte have foregaaende Tid til betenkning og Overvejelse". "Jeg indvendte med Sandhed: at Tillægget var mig uventet, var jeg aldeles uforberedet paa samme Besvarelse." - Men ved dette belet - og gjennom det lange ordskeiftet som no fylgde, so vart det avdekt kvar fleirtalet i flokken høvde heime. Ei rein ureglementert avgjerd var soleis ikkje til hinder for at Falsen-Sverdrup-flokkjen pressa fram den fyrste avgjerdi som høvde inn i den planen som tidlegare var lagd for det kongeriket som blenkte so bjart i augo åt Christian Frederik.

"Efter mange Debatter blev Falsens Votum protocollered og vedtaged: at man efter behag kunde votere paa Qvestionen alene, eller paa Tillægget tillige, og nu fremgik votingen".

No var faktisk kuppet gjennomført. Det einaste Løvenskiold kunde gjera - var - som han sjølv skreiv:

"Jeg lod mit votum tilføre Protokollen saaledes: Her spørges om Norge bør være et indskrænket og arveligt Monarkie. Dertil svarer jeg - Ja"

Vidare skriv Løvenskiold - noko som viser so tindrande klårt det slue og overrump-lande knepet som vart nytta - det å føre forsamlingen inn i den låmi som nøgje var planlagd - og fyrri delegatane i samlingen var varme nok i trøya til å skyne kva som var på gang:

Løvenskiold skriv:

"Falsens Votum vant en 80 stemmer - altsaa en stor Pluralitet - og saaledes gav Falsen Norge en Konge uden minste Betenkning eller foregaaende Undersøgelse og Overvejelse, decrederede(påbyr) Forsamlingen: at Norge skal være en isolered Stat.

Tydeligen skønnedes at denne coup de theatre var forud aftalt og forberedet og den lykkedes. Mange refererede sig til Falsens

Votum, og siden erklærte at de ikke forstod det.

Herre Gud tilgiv dem, thi de vidste ikke hva de gjorde! Give Gud mit ulykkelige Fødeland Evner til at vedligeholde en konge! Kraft til at ve[d]ligeholde den saa hastigt decrederede Selvstendighed! Kunde jeg øyne en lykkelig Mulighed, vilde ieg have været den første til at biestemme".

Sagt med andre ord - so hev samlingen av det me hev trudd - og dei sjølv trudde - var ei gruppe menneskje - som skulde frigjere det norske folket frå framand åk - dei hev no lati seg manipulere - av den sluge tenaren åt ein dansk fyrste - til å gjeva frå seg sin odelsrett til å styre og råda i eigi land - og gjevi råderetten til eit menneskje - som fyråt hadde kravt å styre utan innblanding frå den same samling av den same gruppa menneskje

Verre kann neppe eit folk stelle seg. Men - som me skynar - i lag med Løvenskiold - dei - nærpå heile flokkjen av "frigjeringsmenn" - dei visste ikkje kva dei gjorde! Derimot - den som visste kva han gjorde - det var han som hev fengje heidertitelen "grunnlovens far" - Christian Magnus Falsen - han visste kva han gjorde - og det visste den òg so høgt vyrde professoren - Georg Sverdrup.

Det burde vera sers tankevekkjande - på bakgrunn av det som her er attgjevi - at denne mannen - Severin Løvenskiold - i lag med Wedel Jarlsberg - "burde leggast i lanker på Akershus festning" - etter det som vart sagt av ein av sendemennene på Eidsvoll i dei dagar.

Eit meir eklatant - eit meir slåande døme - på sanningi i ordlaget : rette bakar for smed - det er visseleg vandskeleg å finna.

I framhaldet av det som elles hende, so er det den andre av desse tvo trugne tenarane for prinsen (no er vald til kongje) - Georg Sverdrup - som greider å blamere seg so grundigt - at det ikkje vert lemna tvil um kva slags teneste han er i på eidsvollsamlingen. Her kjem då den saga:

Conskriptionen

No vart det eit langt og heitt ordskifte um utskriving til krigsteneste. Sverdrup tala sterkt for utskriving av soldatar frå sentralt hald - medan Løvenskiold meinte at "Værn Pligten" burde leggast på distrikti.

Når det umsider måtte godtakast at framlegget frå Løvenskiold var so viktugt at det måtte dryftast i konstitusjonskomiteen - so var det at Falsen "proponerede" - "nu understøttet av Sverdrup og Omsen, at en comite maatte vælges, for efter Regentens Opfordring, at undersøge og ordne Rigets Finanser."

Me kann neppe ungå å merke oss den

styring - gjennom Falsen og Sverdrup - som "Regenten" hev på "fridomssamlingen" på Eidsvoll.

"Major Sibbern (en friemodig Mand. Eyer af Wernøe Kloster), Oberst Stabel, Wedel og ieg yttrede at det var lige nødvendigt, at undersøge Rigets øvrige Forhold mod Udlandet. Jeg yttrede at saadan Undersøgelse, formentlig, burde have foregaaet Constitutions Arbeidet, og at jeg kun hafde udsat Forslag herom, fordie ieg hafde spored at Pluraliteten endnu ikke fant saadan Undersøgelse saa nødvendig som ieg." Sitat frå Løvenskiold.

No er det at professoren Georg Sverdrup kjem fram med det dristuge - eller skal me heller segja - det freidige påstandet - at "fridomssamlingen" - samlingen av dei gjævaste fridomsmenn som i Noreg fanst - den "var ikke berettiget til at spørge om andet, end hvortil Regenten opfordrede, at hans Fuldmagt ikke lød paa andet m.m." Sitat Løvenskiold.

Klårare kann me neppe sjå kven desse herrane - Georg Sverdrup og Christian Magnus Falsen - var tenarar for på eidsvollsamlingen - og kven som elles i denne sal - var tenarar for folket - for nasjonen! Det var Severin Løvenskiold!

Den andre framstøyten frå Falsen

Eg kjem no til det andre utfallet frå Falsen på vedtekne reglar for riksdagsordningen. At dette òg var ein freistnad å på ny "afliste" forsamlingen "overilte Beslutninger", det tykkjest Løvenskiold ikkje å tvile på. Og når det so ikkje lukkast denne venda å fange samlingen med overrumpling, so greide han - hårfint - ved val av ny president på eit tidspunkt som ikkje kunde ha vori meir laglegt enn det vart for denne framstøyten - for med

tvomannsrøysti åt den nye presidenten å få fleirtal for verkjet sitt - dvs. verkjet åt Christian Frederik.

Måndag den 18. var konstitusjonskomiteen samla heile fyrmiddagen. Løvenskiold skreiv på eit framlegg til det framtidige forsvarsvesen - noko han av samlingen hadde fengje i oppdrag å gjera. (Er slike oppdrag noko som "møteplagarar" kann få seg tildelt ? Eit oppdrag som gjev vedkomande serskilt tid som møteplagar?)

Rikssamlingen kom saman klokka tvo Presidenten rekna med at det einaste som skulde gjerast denne dagen var å høyre upplese det som var protokollført um den siste samlingen - og gjorde difor framlegg um å taka pause til etter måltidet.

Når so folket etter måltidet - på ny var samla i salen - og protokollen var upplest, so "forlangte" Falsen ordet. Han las då upp "en skreven Tale Med megen Affect, hvori han fraaader Undersøgelser, som kun ville indlede i et Labyrinth og foreslaaer:

1. At Forsamlingen skulde bestemme og vælge en Lov Comitee af 5 Medlemmer, for at giennemgaae og ordne vort Lovgivnings Væsen,
2. AT FORSAMLINGEN NU SKULDE ERKLÆRE SIG OPLØST, NÅR CONSTITUTIONEN VAR ANTAGED OG KONGEN VALGT."

JA - NO KOM DET SOM HEV VORI PLANEN MED HEILE MØTET - REDIGERT AV PRINSEN CHRISTIAN FREDERIK!

Dette kann tykkjast å vera uskuldig ord og tankar, men å vilja fråtaka desse menneski - desse menneski som hadde fengje seg pålagt seg det største andsvaret for folk og land - fråtaka desse menneskje å få innsyn



Senter
mot

antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedommen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

i det som skulde danne grunnlaget for dei avgjerdir som dei no var pålagde å taka - for land og for folk, det må me - i dag - undrast på at fleirtalet i flokkjen let seg forføre til å godtaka.

Det tykkjast dessutan ikkje ha vori tvil um at desse framleggi skulde voterast yver med det same.

Grev Wedel reiste seg spontant og tala imot "Forslagets øyeblikkelige Antagelse og tuktede Proponentens Inconsequens," Dimed tok Løvenskiold ordet og "erklærede det stridende mot den vedtagne Riksdags Ordning, strax at debattere over de fremsatte Qvæstioner, som ieg forlangte udsat til den paafølgende Dag, hvorhos ieg yttrede min forundring over at proponenten for anden gang vilde overraske Forsamlingen og afliste den overilede Beslutninger".

Er det dette som skal karakteriserast som "møteplageri" ?

Når me no fær upplyst kva som derpå hendte - so må me vel - ikkje berre undrast, men nærast verta sjokkert - over det som den "frimodige" Falsen fekk seg til å gjera.

"Falsen Forlangte Qvæstionen strax debatteret og afgjort".

Det som tykkjast endå meir underleg er - at han hadde slik magt yver denne flokken av framstående menn i landet - at dei godtok å vera med på eit so tindrande klårt brøt på ein so viktig vedteken regel for sjølve rikssamlingen - som dei her gjorde - for andre gong på få dagar! Korleis kunde det gange til? Og kvi er ikkje dette komi med i sogebøkene - um ikkje anna enn for å åtvara mot seinare brøttsverk av liknande slag?

Som me skynar - so var òg denne voteringen i strid med reglane for riksmøteordningen. Difor var det å gjera freistnad på å få vedtaka dette med det same - òg ein freistnad på å gjera eit kupp. Men her tapa då Falsen voteringen - og at det var den elles so utskjelte Løvenskiold som vann ein vøteringssiger. Dette var nærast eit storhende å rekne for. I den voteringen som gjekk fyri seg dagjen etter - tykkjast det som um ei stor gruppe av flokkjen var ved å vakne or den dvalen som prinsen hadde svævd dei inn i med sin vill-leidande og falske propaganda denne ettervetteren og våren i dette so lagnadstunge året 1814.

At det nett no - fyri saki skulde avgjerast - vart skifte av president - tykkjast òg vera ein plan med - i alle høve ved å få oberst Hegermann i presidentstolen i staden for Peder Anker. Tvomannsrøysti åt presidenten kom soleis på motsett side. På dette viset fekk Falsen pressa igjennom dette framlegget sitt òg - med dobbeltrøysti åt president Hegermann.

Me merkjer oss - med dette - at det

var berre ei røyst som vanta på at Falsen hadde lidd nederlag i denne avrøystingi.

Riksrettsaksi

Me kann truleg sjå på riksrettsaksi mot Løvenskiold i 1836 som delvis eit resultat av ein inflasjon av riksrettsaker i tidi. Riksrettsaksi mot Løvenskiold skulde me ha dryft grundigt. Det er bakgrunnen for denne saki som - i røyndi dannar grunnlaget for at denne boki (DOMEN) er vorti til. Mykje sogekunnskap - både svensk og russisk - finsk og baltisk - er henta fram i ein freistnad på å leggje fram eit europeisk grunnlag for den serkilde handlingen - oppløysingen av stortinget i 1836 - som òg førde til riksrettsaksi mot Løvenskiold. Det er soleis eit omfattande materiale som er lagt fram - som eg meiner ligg til grunn for den vegring - frå Løvenskiold mot å protestere mot at Karl Johan løyste upp Stortinget.

Me veit at den mektigaste garantisten for å gjeva Bernadotte (Karl Johan) styringi i Noreg - det var den russiske tzaren. Russland hadde difor eit slags yverherredømet - eller ein slags kontroll - med det som hendte i dette rikjet. Det tykkjast vera synberrrt - at dei russiske styremaktir såg med velvilje på at det no - endeleg - var ro og fred i det skandinaviske rikjet - etter ei tid med uendeleg mykje åtak frå den aggressive Svenske krigsmagti. Den russiske regjeringi vilde no liva i fred - og såg med uro på mogleg uro i Skandinavia. Karl Johan vilde gjerne halda vedlag det gode tilhøvet til sin store og mektige granne. Etter det me veit - so var Løvenskiold samd med Karl Johan i denne politikken. Ein politikk som - på ei vis - tryggja freden i Europa - var like mykje til bate for Noreg og det norske folk - trass i at det frå Stortinget kom protestar mot oppløysingi - som dessutan - var for berre ei stutt tid - og heller ikkje var meint som noko anna.

Det som - difor - Løvenskiold gjorde - ved å ikkje leggje inn protest mot Karl Johan i det tilfelle - meinte visseleg Løvenskiold at dette vilde gagne Noreg betre enn um han skapte eit mishøve millom seg og kongjen.

I denne samanhengen hev eg hug til å herma noko av det ein vinstrejournalist F.Bætzmann skreiv i ei unnhaldsrik liti bok: "Det norske statsråd 1814-1884":

Noregs rett og Noregs ære innen unionen hadde ingen sannere talsmann enn honom". (dvs. Severin Løven skiold). Det er òg synt - som eg ikkje tek med - av umsyn til spalterom - at Løvenskiold var ei drivande kraft i det sers vandskelege arbeidet anndsynes Karl Johan - med å få til den fyrste unionskomitéen nedsét. Resultatet av dette arbeidet, var den

einaste lukkelege lukkelege freistnaden på å skapa full jamstelling millom dei tvo sameinte nasjonane. Dette trass i at det vart motarbeidd i svenske regjeringsskrinsar!

Me veit elles at Karl Johan rådde Løvenskiold - til ikkje å anke domen i riksrettsaksi. Løvenskiold hadde endåtil gjevi den norske stat - ein slump meir - enn han vart ilagd i bot

Det som til no er sagt um kammerherren, amtmannen, eidsvollsmannen, statsråden, statsministeren og statthaldaren - Severin Løvenskiold - burde vera nok til å imøtegå påstandet um at denne mannen var ein LANDSSVIKAR!

Kva vart det so til med den Den norske "fridomskongien" - Christian VIII? Danskane vart vonbrotne og djupt sára av denne einevaldsherskaren. Han var dessutan veik og vaklande andsynes utanlandske krav, men sette seg imot liberalistiske reformer i Danmark. Ikkje fyrr dei fekk endå ein ny kongje - Frederik den VII - fekk det danske folket friare tøyler til å styre seg sjølve.. Me veit difor - i ettertid - synberrrt kva me kunde ha fengje av fridom under den danske prins Chritian Frederik. Me veit òg meir um kva me - det norske folket - kunde ha uppnådd i 1814 - med ein samarbeidsavtale - med det nye svenskestyret under Karl Johan - som sjølv hadde som serskilt hugmål å få verta kongje for eit godviljens og venskapelegt folk - det norske - ved sida av det svenske.

Kven var då vorten nasjonalhelten vår - Severin Løvenskiold eller den sluge tenaren åt den magtgiruge prins Christian Frederik - Christian Magnus Falsen?

Spursmålet er visseleg ikkje serleg vandskeleg å svara på for dei som liver med eit òpi sinnelag.

Øg når me no kjenner - og veit - den rette samanhengen um det som hendte i det for oss so lagnadstunge året - 1814 - er det ikkje no på tide å vedkjenna kven som retteleg fortener å verta heidra som ein nasjonalhelt - i staden for å verta hundså?

SEWERIN LØVENSKIOLD er den verkelege nasjonalhelten vår - serskilt frå eidsvollsamlingen i 1814! At han dessutan hev fengje den heideren å ha vori beste mannen som Noreg hev havt for sitt hugmål - den tidi han tente landet - det er ikkje noko ringare heider å få.

Hadde ikkje samlingen der vorti blinda av propagandaapparatet åt den maktsogne prins Christian Frederik - so hadde heideren komi dit den skulde.

Me bør heidle den som heidrast bør!

Lat oss ikkje halde fram i den livslygni som me er påförde av sluge propagandameistrar! Vedkjenn sanningi!

B



ISSN-1503-2469

Ho Margit Hjukse

Av Kenneth Kiplesund

Folkevisa "Margjit Hjukse" hev ei segn som grunnlag. Kva slags fyrestellingar um norsk folketru kjem til synes i denne segni, og kva er årsakene til at ei sovori segn hev dukka upp? Kva er sermerkt for segntradisjonen i norsk folkedikting?

Fyrst segni um Margjit Hjukse i stutte drag: Margjit Hjukse, ei rik bondedotter frå Bø i Telemark, er vorti teki inn i berget av bergkongen og ingen veit kvar ho er vorti av. Etter mange år kjem ho att for å vitja foreldri sine. Ho fortel då at ho er teki inn i berget. Men so kjem bergkongen attende for å henta henne. No lyt ho taka avskil med foreldri, og ho fær aldri sjå deim att. Heile resten av livet sitt er ho i berget. Når ho til slutt døyr, gjeng bergekongen til presten i Bø, og segjer at Margjit sitt siste ynske var å verta gravlagd på Bø kyrkjegard. Men presten segjer at sidan ho hadde gjenge inn i berget, lyt ho verta der.

Denne segni er ei klassisk "bergtakingssegn" som fortel korleis eit kvende vert bergteke (teke med/lokka inn i berget) av eit troll. Segni syner at folk såg på trolli som færlige og sløge, og at menneski laut ha age for deim.

I strofe sju i folkevisa drikk Margjit av vin som bergkongen skjenkjer henne. Det er vanlegt i norsk folketru at dersom ein drikk eller et noko ein fær frå eit troll, vert ein forheksa. Personen lyt då verta verande hjå trollet. Som me ser hender dette med Margjit Hjukse.

I strofe åtte stend det at ho var i berget i ni år, og fekk tri born. Tali tri og ni er viktuge i folketru ("magiske" tal).

I strofe ni ringjer kyrkjeklokkene, og trolli toler ikkje ljoden eller synet av noko kristelegt. Dette gjer trulegt bergkongen veik, og er truleg ei medverkande årsak til at Margjit fær reisa heim til foreldri sine.

I gamle dagar, som no, hende det at

folk gjekk seg ville i skogen. Dersom dei ikkje kom attende, vart det ofta sagt at dei var bergtekne. Um personen kom att, var han/ho gjerne halvgalen etter å ha drive ikring åleina i skogen utan å finna heim. Det at personen trudde han kunde møte nett troll eller anna skrømt, hev nok sett ein ekstra odd på redsla. Det heitte seg gjerna at denne personen hadde kome seg ut or berget, men hadde vorti tullut av oppheldet. Det hendte seg dessutan at personen sjølv fortalde at han hadde vore-bergteken, men hadde kome seg ut.

Segnene gjev seg ut for å vera sanne. Dei er ofta stad- og tidfeste, og hev med navngjevne (ofte historisk kjende) personar å gjera. Det eksisterar til dømes segner um Olav den heilage. Dei nemner ofta at han gjorde troll til stein. Segnene vil forklåra ovringar som er eller verkar yvernaturlegt/uforklårlegt.

Segnene hev ofta med ei fyrestelling um at sjeli kann lausriva seg frå kroppen (serleg frå samisk tradisjon). Ein variant av dette er segnene om hamlauparar (varulv og mannbjørn): Her er det ikkje sjeli som gjeng ut or kroppen, men eit menneske som vert umgjort til ulv eller bjørn. Desse var serskilt færlige med di dei kombinerte dyrisk villskap og blodtørst med menneskeleg kløkt og klokskap. Umskapingi kunde skje av fri vilje, eller med trolldom (at einkvan banstøytte personen).

Eit anna moment er segnene um bytingen. Dersom nokon fekk eit vanskapt barn, heitte det seg ofta at dei underjordiske hadde vore og teke det rette menneskebarnet, og lagt sin eigen unge der i staden.

Ein annan som folk var upptekne av var deildegasten. Dette var ein person som, medan han livde, hadde flutt grensesteinar (deilder) millom eigedomar. Dette hadde personen ofta sjølv fyremuner av; han fekk meir

jord. Menneske som gjorde slikt gjekk att etter dauden. Folk såg gjerne fyre seg at deildegasten bar på grensesteinane han hadde flutt for å få deim på plass att. Han greidde nesten å koma fram, men so miste han steinen. Då utstøytte han eit vonbrote skrik, og kvarv burt.

Som me hev set, bruka folk i gamle dagar segner um yvernaturlege livende som troll og varulv for å forklåra ting som verka uforklårlege, og for å åtvara:

Folk (serleg ikkje kvende) måtte helst ikkje ganga åleine ut i skogen. Gjorde dei det, kunde dei verta bergtekne av troll eller hulder.

Dersom ein ulv eller bjørn var svært glupsk til å taka buskap, laut det vera ein varulv/mannbjørn (var = mann, altso man-nulv). Dei som flutte grensesteinar medan dei livde, vart straffa for dette etter dauden med di dei laut ganga att. Eit interessant poeng når det gjeld dette, er at det i folkevisa "Draumkvedet" vert nemnt folk som hev flutt grensesteinar. Hovudpersonen er i helvite og ser at desse ber på glødande jord: "Gud nåde dei arme syndesjelene som flutte deilder (grensesteinar) i skogen", bryt han ut. Det hende då at prestar med stal jord, men ingen torde segja imot deim. Difor laga folk segner um deildegasten, slik at dei fekk ei slags oppreising likevel, der presten og andre makt-menneske fekk ei fæl straff etter dauden.

Folk hadde ikkje dei same medisinske kunnskapane som me hev i dag. Dei visste ikkje årsakene til at nokre born vert fødte med vasshovud, difor meinte dei at det var dei underjordiske som hadde skuldi der-som dette skjedde (ei rad segner nemner at bytingane hadde eit unormalt stort hovud, men lite vit...).

Sluttordet:

*Du kann lura halve folket
heile tidi eller heile folket
halve tidi, men aldri heile
folket heile tidi.*

Abraham Lincoln

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen